

Høgare utdanningstilbod på Vestlandet og i Agder-fylka

MARTIN BYRKJELAND

STEIN ROKKAN SENTER FOR FLERFAGLIGE SAMFUNNSSTUDIER
UNIVERSITETSFORSKNING BERGEN
MAI 2006

Notat 1–2006

Innhold

FØREORD	5
SAMANDRAG	6
SUMMARY.....	7
MANDAT, DEFINISJONAR OG DATA	9
Mandat for oppdraget.....	9
Data.....	9
Definisjonar.....	9
Generelt om undersøkinga	11
HØGARE UTDANNINGSINSTITUSJONAR PÅ VESTLANDET OG I AGDER-FYLKA	12
Utdanningsinstitusjonar med breie tilbod	12
Spesialiserte høgare utdannings- institusjonar	14
Økonomisk-administrativ utdanning.....	14
Lærarutdanning	14
Medieutdanning.....	14
Teologisk utdanning	15
Helse- og sosialutdanning.....	15
IKT-utdanning	15
Landbruksutdanning.....	16
Kunstfag og arkitektur	16
Teknisk utdanning	16
UTDANNINGSRETNINGAR	17
Helse- og sosialutdanning	17
Friluftsliv og idrett	19
Lærarutdanning.....	20
Samfunnsfag, historiefag, idéfag og rettsfag.....	21
Økonomiske og administrative fag	21
Rekneskap/revisjon.....	23
Statsvitskaplege fag og politikkstudiar	24
Sosiologi og antropologi	25
Geografi, miljø og ressursfag	26
Historie og kunst/kulturhistorie.....	27
Filosofi, religion og idéfag	28

Rettsfag	28
Språk, litteratur, estetiske fag og mediefag.....	29
Språkfag	29
Litteraturfag.....	30
Kunst/musikk/drama.....	31
Mediefag.....	32
Teknisk og naturvitenskapleg utdanning.....	33
IKT-fag	33
Matematiske fag.....	34
Fysikk og geofysikk	35
Geologiske fag	36
Biologi, kjemi og havbruk	36
Elektro-, elkraft-, elektronikk- og automatiseringsteknikk	37
Byggfag og arkitektur	38
Maskiningeniør og mekanisk utdanning.....	38
Marinteknikk og nautikk.....	38
Olje, gass og annan prosessindustri	39
HMS og tryggleik.....	40
Landbruksutdanning	40
OPPSUMMERING	41
Bachelorisering tyder konvergens.....	41
Fagsamansetting.....	41
Institusjonsprofilar og moglege samarbeidsmønster.....	45

Føreord

Rapporten presenterer ei undersøking av høgare utdanningstilbod som blir gjeve av private og offentlege utdanningsinstitusjonar frå Møre og Romsdal i nord til og med Aust Agder i sør. Den er utført på oppdrag for Vestlandsrådet. Hovudtrekka av rapporten blei presenterte på Vestlandsrådets konferanse om høgare utdanning i Bergen 9. februar 2006. Etter konferansen har dei enkelte institusjonane hatt høve til å kommentere innhaldet og mange har gjort det òg. Eg takkar med dette alle som har ytt assistanse.

Bergen 28. mars 2006

Martin Byrkjeland

Samandrag

Rapporten presenterer ein oversikt over høgare utdanningstilbod på Vestlandet og i Agder-fylka med særleg vekt på næringsretta tilbod. Utdanning for helse- og sosialsektoren dominerer kandidatproduksjonen. Nest største gruppa er lærarutdanning, medan økonomisk-administrativ utdanning inntek tredjelassen. Til saman står desse for om lag halvparten av uteksaminerte kandidatar sidan 2001. Teknisk og naturvitenskapleg utdanning står for om lag ein fjerdedel av kandidatproduksjonen. Dei fleste er utdanna i IKT-fag og i biologi og kjemi. Utdanningar som er spesialiserte i retning av yrkesval innanfor strategiske næringar på Vest- og Sørlandet, havbruk, fiske, petroleumsindustri og annen energiproduksjon er forholdsvis små.

Summary

The report presents an overview of higher education in Western and Southern Norway. The largest candidate production is within health education, the education of teachers and economic-administrative. These studies constitute about one half of total candidate production since 2001. Candidates within technical and science studies constitute about one quarter of total number. The majority is within information technology, biology and chemistry. Education oriented towards strategic industries in the region such as marine culture, fisheries, oil & gas industry and electricity production is relatively small.

Forkortingsliste

ATH	Ansgar Teologiske Høgskole
BAS	Bergen arkitektskole
BDH	Betanien diakonale høgskole
BI	Handelshøgskolen BI
BI	Handelshøgskolen BI
DHH	Diakonissehjemmets høgskole
DHS-R	Diakonhjemmet Høgskole Rogaland
HiA	Høgskolen i Agder
HiB	Høgskolen i Bergen
HIM	Høgskolen i Molde
HiÅ	Høgskolen i Ålesund
HLB	Høgskolen landbruk og bygdenæringer
HSF	Høgskulen i Sogn og Fjordane
HSH	Høgskolen Stord/Haugesund
HVO	Høgskulen i Volda
KHiB	Kunsthøgskolen i Bergen
MHG	Mediehøyskolen Gimlekollen
MHS	Misjonshøgskolen i Stavanger
NHH	Norges Handelshøyskole
NITH	Norges Informasjonsteknologiske Høgskole
NLA	Norsk lærerakademi
UiB	Universitetet i Bergen
UiS	Universitetet i Stavanger

Mandat, definisjonar og data

Mandat for oppdraget

Rapporten er laga på oppdrag for Vestlandsrådet. Den skal kartlegge høgare utdanningstilbod på Vestlandet med særleg vekt på næringsretta tilbod. Føremålet er å gje eit underlag for eventuelt samarbeid og samordning mellom ulike tilbod i området.

Data

Undersøkinga tek utgangspunkt i data frå Samordna opptak (SO) og Databasen over høgare utdanning (DBH) som blir administrert av Norges samfunnsvitenskaplige datatjeneste (NSD). Det er likevel ein del problem med desse dataene:

1. Ikkje alle utdanningsinstitusjonar er med i SO. Fleire private står utanfor. Av dei større gjeld dette Handelshøgskolen BI. DBH har data for BI, men dei er ikkje splitta opp på studiestadar.
2. Budsjetterte tal i SO er ikkje samanfallande med kor mange som faktisk er tatt opp på dei ulike studierettingane fordi ein del studentar blir tatt opp lokalt.
3. Både fagkategoriar og gradsdefinisjonar for opptak varierer. Der ein del institusjonar skil mellom opptak til årsstudiár/grunnfag, treårig/bachelor og masterstudiár, opererer andre med felles opptak til eit samla studielop innanfor kvart fag. Det første gjeld stort sett for høgskulane; det siste for Universitetet i Bergen og Norges Handelshøyskole.
4. Kategoriane i SO er grovare enn dei enkelte studietilbod. Det gjeld særleg masterprogramma som kan vere heller spesialiserte slik dei blir presenterte av dei enkelte UI. DBH har meir findele kategoriar, men òg her er det fleire spesialiseringsetningar i studietilboda enn det er gradsbedeikningar. Dessutan er det liten systematikk mellom skulane i korleis det blir rapportert.
5. Kategoriane varierer over tid. Dette er særleg eit problem for Universitetet i Bergen, der SO før 2003 opererer med grove kategoriar på fakultetsnivå. For UiB har det derfor ikkje latt seg gjere å lage tidsseriar for studentopptaket for dei enkelte fag som er lengre enn dei tre siste år.
6. Data for 2005 er mangelfulle. Mange utdanningsinstitusjonar manglar tal for oppmøtte. I rapporten er derfor 2004 nytta som basisår, om ikkje anna er opplyst. I talet over utdanna kandidatar er likevel 2005 tatt med i den grad dei er registrerte i 2005.

Definisjonar

Regionsavgrensing: Undersøkinga tek for seg tilbod i fylke langs kysten frå og med Møre og Romsdal til og med Aust Agder. Agder-fylka deltek ikkje i samarbeidet i Vestlandsrådet, men er likevel interessante i vår samanheng sidan Høgskulen i Agder samarbeider med Universitetet i Bergen mellom anna i Vestnorsk nettverk. For å unngå

eventuell forvirring om regionavgrensing omtalar vi undersøkingsområdet som «området» i rapporten.

Høgare utdanningstilbod: Utdanningstilbod som føreset gjennomført vidaregåande skole.

I rapporten nyttar vi følgjande grads- og nivåbeteikningar:

År/grunnfag (60 studiepoeng): Eittårige studiar og grunnfag er slått saman til ein kategori. Her er det ein tendens til konvergens mellom dei ulike utdanningsinstitusjonane. Medan dei statlege høgskulane tidlegare opererte med eittårige studiar og universiteta med grunnfag, er no grunnfag og mellomfag ikkje lenger i bruk som teknisk term. Etter at Kvalitetsreforma blei innført, blir studiepoeng nyttta. 60 studiepoeng utgjer eit heiltidsårsstudium. Nemninga for slike studiar er *årsstudium* både ved universitet og høgskular. Eittårige lærarutdanningar, som fungerer som spesialisering innanfor den generelle lærarutdanninga, er handsama for seg. I rapporten er uteksaminerte frå årsstudium eller kortare studium ikkje talt opp, men årsstudiar som er spesifisert som eining i Samordna opptak (SO), er tekne med i oversynet over fagområde. Dei er symbolisert med Å i tabellane.

Toårige utdanningar (120 studiepoeng): Toårige tilbod var vanlegare tidlegare, då i første rekke ved høgskulane. Dei er for det meste gått over til å bli treårige utdanningar, men nokre finst att. Kvalitetsreforma har som intensjon at alle studentar tek heile gradar, og lågaste grad er bachelorgrad som er treårig. I oversyn over kandidatproduksjonen sidan 2001 er toårige utdanningar talt saman med treårige.

Treårige utdanningar/bachelor (180 studiepoeng) er slått saman i ein kategori, bachelor, som no er innarbeidd fellesbeteikning for alle treårige studiar. Ein del av desse resulterer i ferdige profesjonsgradar; andre er generelle gradar innom eit breiare fagfelt som kan byggjast ut til mastergradar. Cand. mag. grad er i hovudsak ikkje teken med i undersøkinga sidan datagrunnlaget berre opererer med samla tal av uteksaminerte på faktultets- og avdelingsnivå. Med eit par unntak er det berre Universitetet i Bergen som har produsert cand. mag. gradar etter 2001. Dei utgjer heller ikkje særleg stor del av samla uteksaminerte kandidatar, ca. 2000 av om lag 38 000. Treårige tilbod er symboliserte med B i tabellane.

Fireårige utdanningar (240 studiepoeng) dreier seg i første rekke om lærarutdanning, men det finst òg ein del andre fireårige studiar der siste året er ei spesialisering som byggjer på treårige profesjonsstudiar. Lærarutdanning er presentert for seg. Dei andre er slått saman med dei treårige studiane.

Femårige utdanningar og lengre utdanningar (300 studiepoeng eller meir). Mastergrad med to år som byggjer på bachelorgrad byrjar å bli innarbeidd system på dei fleste studierettingane, men framleis held nokre lengre profesjonsstudiar på eldre kandidatsbeteikningar, i første rekke medisin (cand.med.) og psykologi (cand. psychol.). Mastergrad avløyser fleire tidlegare utdanningskategoriar: Kandidatgradane ved universiteta, hovudfag, siviløkonom, sivilingeniør, for å ta dei viktigaste. Ved dei fleste utdanningsinstitusjonane er dette ei endring blir gjennomført i 2003 samtidig som òg bachelorgraden blir innført, men det finst òg eksempel på master- og bachelorutdanning frå tidlegare år, og det er eitt visst etterslep av tidlegare utdanningskategoriar i ára etter 2003. I tabelloppsettet er alle utdanningar som er lengre enn fire år, samla og gjeve koden M.

SO-kategori: fagområde som er spesifisert i SO.

Studieplassar: Studieplassar som er budsjetterte i SO. Tal for 2004 er nyttta dersom ikkje anna er opplyst

Registrerte studentar byggjer på DBH for hausten 2005.

Studentopptak er henta frå DBH hausten 2005.

Utekksaminerte kandidatar bygger på DBH. Dersom ikkje anna er opplyst, er dette summen av uteksaminerte 2001–2005. Registreringane for 2005 er ikkje fullførte. DBH gjev såleis for låge tal for dette året.

Generelt om undersøkinga

Det finst eit svært stort tal moglege utdanningsval i undersøkingsområdet. Mange kurs er mindre enn årseiningar, altså mindre enn 60 studiepoeng. Studieretningar og kurs kan kombinerast på mange ulike måtar. I tillegg til tilbod til studentar som gjennomfører normale studieløp, finst òg mange vidareutdanningstilbod. I denne undersøkinga har eg ikkje funne det føremålstenleg å kartlegge alle moglege tilbod. Det ville òg sprengje rammene for arbeidet. Undersøkinga er i første rekke meint å legge eit grunnlag for samarbeid mellom institusjonar på Vestlandet og i Agder og då særleg innanfor næringsretta fag. Eg har derfor prøvd å få fram hovudtrekka i utdanningstilboda ved dei ulike høgare utdanningsinstitusjonane. Rapporten bygger derfor på uteksaminerte kandidatar slik dei er rapportere i DBH og på kategoriar i Samordna opptak. I tabellane er kategorien *studieplassar* basert på SO, medan *kandidatar* er dei som rapportert uteksaminerte i DBH.

Utdanningssystemet i Noreg er i stadig endring. Det dukkar opp nye studieprogram, medan andre blir nedlagde. Særleg er det ei kraftig utvikling for å få etablert nye masterprogram. Undersøkinga rapporterer situasjonen om lag slik den var per 31. desember 2005. Derfor er ikkje opplysningane frå DBH komplette for 2005. I kommentarrunden har likevel fleire institusjonar kome med opplysningar om endringar i 2005 og 2006. Dei er prøvd tatt omsyn til i rapporten.

I presentasjonen av undersøkinga er utdanningstilboda grupperte saman i fagretningar. Dette er meint som eit heuristisk hjelpemiddel og representerer ikkje noko forsøk på nokon ny og original analyse av slektskap mellom ulike fag og utdanningsretningar. Dei kunne godt vore grupperte på ein annan måte, og ved fleire høve har det vore relevant med krysspassering. Det er likevel grunn til å merkje seg at det som er den tradisjonelle grupperinga på universiteta, fort blir problematisk når fleire typar institusjonar blir trekte inn. Og heller ikkje universiteta i Noreg har ei eintydig oppfatning av slektskap mellom fag og faginndeling.

Undersøkinga problematiserer ikkje begrepet næringsretta utdanning, noko som det kunne vere eit behov for. Næringsretta blir oppfatta som utdanning som gjev mogleg yrkesval i private bedrifter, noko som igjen oftast blir sett lik teknisk eller økonomisk utdanning. Dagens vestnorske næringsliv består likevel av meir enn private industribedrifter, sjølv om dei òg framleis er viktige. Men opplevingsnæringer og annan kulturindustri er på sterkt frammarsj. Dei etterspør eit breitt felt av utdanningsretningar ut over det snevert tekniske. I tillegg har òg industribedrifter mange funksjonar som ikkje nødvendigvis krev teknisk eller økonomisk utdanning.

I andre kapittel blir hovudtal for dei ulike høgare utdanningsinstitusjonane presenterte. Tredje kapittel presenterer dei ulike utdanningstilboda. I fjerde kapittel prøver eg å vise ein del generelle trendar og kjem med nokre forslag til konstellasjonar mellom næringsretta utdanninger ved ulike institusjonar.

Høgare utdanningsinstitusjonar på Vestlandet og i Agder-fylka

Utdanningsinstitusjonar med breie tilbod

Høgskulen i Molde (HIM) har hovudlokalisering i Molde, men har også enkelte tilbod i Kristiansund og eitt i Ålesund i samarbeid med HiÅ. HIM hadde i 2005 18 SO-kategoriar. Utdanningstilboda er innanfor helse- og sosialfag, IKT-fag og økonomisk-administrative fag med største vekta på det siste (om lag 60 % av studieplassane). HIM har vel 1400 registrerte studentar og har sidan 2001 uteksaminert i underkant av 1500 kandidatar. Budsjettetere studieplassar i 2005 er 485 (2004: 507), medan det blei teke opp 956 studentar. Sidan 2000 er talet på studieplassar ved HIM blitt redusert med 11 % (N=55).

Høgskulen i Ålesund (HiÅ) har alle sine tilbod i Ålesund. HiÅ hadde i 2005 18 SO-kategoriar. Tyngda er innanfor tekniske fag med om lag 38 % av studieplassane. Det er også ein stor del helse- og sosialutdanning og økonomi/leiingsfag (24 % og 21 % av studieplassane). Budsjettetere studieplassar er i 2005 573 (2004: 533), medan det blei teke opp 1070 studentar. HiÅ har 1600 registrerte studentar og har sidan 2001 uteksaminert ca. 1300 kandidatar.

Høgskulen i Volda (HVO) har sine tilbod i Volda, men med ein del desentraliserte tilbod innanfor lærarutdanning. Høgskulen hadde i 2005 20 SO-kategoriar, noko som var fem færre enn året før. HVO har sitt klare tyngdepunkt innan lærarutdanning (45 % av studieplassane), humanistiske fag (24 % av studieplassane) og sosialfag (12 % av studieplassane). Skulen er blant dei med medieutdanning, men denne utgjer ikkje så stor del av studieplassane (8 %). Budsjettetere studieplassar i 2005 var 1035, noko som er 167 færre enn i 2004. Nedgangen skuldast mellom anna bortfall av studierettingar (=105 plassar). Hausten 2005 blei det teke opp ca. 2250 studentar. HVO har over 3000 registrerte studentar og har sidan 2001 uteksaminert ca. 2000 kandidatar.

Høgskulen i Sogn og Fjordane (HSF) har dei fleste studietilbod i Sogn og Fjordane, men har også ingenior- og helseutdanning i Førde, og desentralisert lærarutdanning både i Sogn og Fjordane og i andre fylke. I 2005 hadde høgskulen 26 SO-kategoriar, tre færre enn året før. HSF har klart største delen av studieplassane innanfor helse- og sosialfag (32 %), dernest følgjer lærarutdanning (20–25 %) og ei nokolunde lik fordeling mellom økonomisk-administrative fag, samfunnsfag og idretts/friuftslivsfag (15–11 %). Budsjettetere studieplassar var i 2005 711, 31 færre enn året før. Nedgangen skuldast hovudsakleg bortfall av studietilbod. Hausten 2005 blei det teke opp ca. 1800 studentar. HSF har 2700 registrerte studentar og har sidan 2001 uteksaminert i underkant av 2200 kandidatar.

Universitetet i Bergen (UiB) står i ei særstilling både når det gjeld storleik og mengda av studietilbod. Universitetet hadde i 2005 81 SO-kategoriar, sju fleire enn året før. Men SO-kategoriar er mindre signifikante for talet på tilbod enn på høgskulane sidan mange av dei omfattar ei rekke ulike spesialiseringar. UiB tilbyr eit breitt tilbod av tradisjonelle universitetsfag innanfor samfunnsfag, humaniora, jus, realfag og helseprofesjonar. Universitetet manglar teologi og har heller ikkje særleg mykje

økonomisk/administrative fag, eit tilbod som i Bergen blir dekka av NHH. Siste åra har UiB teke opp ein del meir spesialiserte tekniske studiar og lærarutdanningar, men desse spelar framleis ei marginal rolle. UiB tilbyr typisk generelle fag som gjev mange ulike yrkesvegval. Spesialiserte tilbod finst i første rekke innanfor høgare helseprofesjonsutdanning og mediefag, men i praksis fungerer òg andre fag som profesjonsutdanning, t.d. jus. Me eit par unntak tilbyr ikkje UiB helseprofesjonsutdannning på bachelornivå. Dette tilbodet blir ivaretake av andre høgskular i Bergen, først og fremst Høgskulen i Bergen. Denne står også for hovudmengda av lærarutdanning og teknisk utdanning i Bergensområdet. Budsjetterte studentopptakstal ved UiB i 2005 er 3651, noko som var 873 færre enn i 2004. Hausten 2005 blei det teke opp 8500 studentar. UiB har i underkant av 16 000 registrerte studentar og har sidan 2001 uteksaminert ca. 6900 kandidatar.

Høgskulen i Bergen (HiB) hadde i 2005 38 SO-kategoriar, 6 fleire enn i 2004. HiB har sine tyngdepunkt innan lærarutdanning, helse- og sosialutdanning og teknisk utdanning med 33 %, 30 % og 26 % av budsjetterte studieplassar i 2005. Lærarutdanninga omfattar eit breitt spekter av fordjupingsemne i form av årseiningar. Budsjetterte opptakstal var i 2005 1702, noko som var 77 færre enn året før. Hausten 2005 blei det teke opp ca. 2300 studentar. HiB har i underkant av 5500 registrerte studentar og har sidan 2001 uteksaminert ca. 5700 kandidatar.

Høgskulen Stord/Haugesund (HSH) er altså lokalisert til to stader, Rommetveit på Stord og Haugesund. Høgskulen opererte i 2005 med 20 SO-kategoriar. HSH har tyngdepunkt innan lærarutdanning (33 % av budsjettet opptak 2005) og helse- og sosialfag (26 % av budsjettet opptak 2005). Tekniske fag og økonomisk-administrative fag utgjer 16 % og 14 %. Budsjettet studentopptak i 2005 var 735, 40 fleire enn i 2004. Hausten 2005 blei det teke opp vel 950 studentar. HSH har i overkant av 2250 registrerte studentar og har sidan 2001 uteksaminert ca. 2200 kandidatar.

Universitetet i Stavanger (UiS)¹ omfatta i 2005 44 SO-kategoriar. UiS har tyngdepunktet innan humanistiske fag inkludert språk med 25 % av budsjetterte studentplassar, dernest helse- og sosialfag (19 %) og tekniske fag (18 %). Budsjettet studentopptak var i 2005 2016, noko som er om lag det same som året før. Hausten 2005 blei det teke opp ca. 3300 studentar. UiS har noko over 7000 registrerte studentar og har sidan 2001 uteksaminert om lag like mange kandidatar.

Høgskulen i Agder (HiA) har hovudplasseringa i Kristiansand, men har òg filialar i Arendal (sjuke- og vernepleieutdanning) og i Grimstad (teknisk utdanning og lærarutdanning). Den i Grimstad er ei relativt stor eining. HiA opererte i 2005 med 74 SO-kategoriar, altså mest like mange som ved UiB. Det store talet på SO-kategoriar skuldast at HiA femner om mange fagområde, men det skuldast òg at svært mange studierettingar har opptak både til eittårige og treårige studiar. HiA er den neste største institusjonen innan høgare utdanning i området med mest 7700 registrerte studentar og 2532 budsjetterte plassar i 2005, 335 færre enn året før. Hausten 2005 blei det teke opp ca. 4400 studentar. Høgskulen har tyngdepunktet innanfor lærarutdanning og humaniora/språk som utgjer 23 % og 20 % av alle studieplassane. Helse- og sosialfag, tekniske fag og økonomisk-administrative fag er jamstore og utgjer kvar 12 % av studieplassane. Sidan 2001 er det uteksaminert i overkant av 6500 kandidatar ved høgskulen.

¹ UiS gjekk over frå høgskule til universitetet 1.1. 2005. I rapporten blir nemninga Universitetet i Stavanger nytta om institusjonen òg før dette tidspunktet, dersom ikkje særlege grunnar skulle tilseie noko anna.

Spesialiserte høgare utdanningsinstitusjonar

Økonomisk-administrativ utdanning

Norges handelshøyskole (NHH) i Bergen tilbyr fulltids økonomisk-administrativ utdanning på alle nivå fra bachelor til doktorgrad. NHH har i tillegg til bachelor- og masterstudium i økonomi og administrasjon også masterstudium i regnskap og revisjon, samt et toårig masterstudium i International Business som primært er retta mot studentar med ikkje-nordisk utdanningsbakgrunn. Det blir teke opp 410 studentar årleg i bachelorstudiet, og alle som består bachelorutdanningen har rett til overgang til det toårlige masterstudiet i økonomi og administrasjon (siviløkonomgrad). Det er råd å velje mellom 9 ulike spesialiseringer på masternivå. I 2005 blei totalt 822 studentar tekne opp til dei ulike studieprogramma ved NHH. Når innfasinga av femårig siviløkonomutdanning er fullført i løpet av 2007, vil bachelor- og masterutdanninga totalt være dimensjonert for eit årleg opptak på 1400 studentar inkludert dei som vel intern overgang til masterstudiet. Det er registrert noko over 2500 studentar ved NHH i 2005, og sidan 2001 er det uteksaminert ca. 2900 kandidatar på dei ulike studieprogramma.

Handelshøgskolen BI (BI) har avdelingar i Ålesund, Bergen og Stavanger. BI hadde på landsbasis over 15 000 registrerte studentar i 2004 og noko over 3000 uteksaminerte.²

Lærarutdanning

Norsk Lærerakademi (NLA) omfattar to private høgskular som begge held til i Bergen. Norsk Lærerakademi Lærerhøgskolen (NLA LH) tilbyr allmennlærarutdanning og førskulelærarutdanning. Norsk Lærerakademi Bachelor- og Masterstudier (NLA BM) tilbyr bachelor- og masterstudier i pedagogikk og kristendomskunnskap og bachelorstudier i interkulturell forståelse. Det siste har fleire spesialiseringer etter kva globale område studiet er retta mot. NLA har såleis ei skjæringsflate mot dei teologiske skulane. Høgskulen byggjer då òg på eit kristent verdisyn. I 2005 budsjetterte NLA med 435 studieplassar, 50 færre enn året før. 150 av plassane er innan allmenn- og førskulelærarutdanning. Det var 1500 registrerte studentar ved NLA hausten 2005 og høgskulen har uteksaminert 470 kandidatar sidan 2001.

Medieutdanning

Mediehøgskolen Gimlekollen (MHG) i Kristiansand er ein privat høgskule som er eigd av Norsk Lutherisk Misjonssamband og som tilbyr journalistutdanning for avis, radio, fjernsyn og nettavisar, i tillegg til nokre grunnfag i media og kommunikasjon. Høgskulen byggjer på kristent verdisyn. MHG hadde i 2005 120 studieplassar, 16 færre enn året før. Sidan 2003 er det uteksaminert ca. 160 kandidatar frå høgskulen.

² Vi har bede BI om å få opplyst kor stor del av dette som høyrer til i Ålesund, Bergen og Stavanger, men har ikkje moteke noko svar trass i purringar.

Teologisk utdanning

Misjonshøgskolen i Stavanger (MHS) er ein privateigd høgskule som er eigd av Det Norske Misjonsselskap. MHS tilbyr profesjonsstudium i teologi, bachelor i teologi, bachelor i religion og interkulturell kommunikasjon, mastergrad i teologi, årsstudium i Kristendomskunnskap med religions- og livssynsorientering (KRL) samt årsstudium i Interkulturell kommunikasjon og globalt samarbeid (IKGS). Høgskulen hadde i 2005 236 studieplassar mot 260 året før. Hausten 2005 blei det teke opp vel 266 studentar, og det var 37 registrerte studentar ved høgskulen. 158 kandidatar er uteksaminerte sidan 2001.

Ansgar Teologiske Høgskole (ATH) i Kristiansand er ein privat høgskule som er eigd av Det Norske Misjonsforbund. Høgskulen tilbyr bachelorstudiar innanfor teologi/KRL, musikk, interkulturell forståing og psykologi. Høgskulen byggjer på eit kristent verdisyn. ATH hadde i 2005 175 studieplassar; 45 færre enn året før. Hausten 2005 blei det teke opp vel 250 studentar, og det er 169 registrerte studentar ved Høgskulen. Dei siste to åra er det uteksaminert 36 kandidatar.³

Helse- og sosialutdanning

Betanien diakonale høgskole (BDH) i Bergen ein privat høgskule som tilbyr sjukepleieutdanning. Høgskulen blir eigd og driven av Stiftelsen Betanien og har ei historie som går tilbake til 1923. BDH hadde i 2004 og 2005 70 plassar som det i 2005 blei teke opp 125 studentar til. Det er registrert 277 studentar ved høgskolen, og vel 300 er uteksaminerte sidan 2001.

Diakonisshjemmets høgskole (DHH) tilbyr sjukepleieutdanning på heil- og deltid, den siste med opptak annankvart år. DHH hadde i 2005 65 faste og 16 deltidsplassar. Hausten 2005 blei det teke opp 136 studentar. Høgskolen har registrert vel 400 studentar, og 331 er uteksaminerte sidan 2001.

Diakonhjemmet Høgskole Rogaland (DHS-R)⁴) i Nærbø er ein del av den private høgskulen Diakonhjemmet Høgskole i Oslo. Høgskulen tilbyr utdanning i vernepleie og ergoterapi. DHS-R har også deltidsplassar i vernepleie i Nord Rogaland (Haugesund). Høgskulen hadde i 2005 90 faste studieplassar; i 2004 i tillegg 30 deltidsplassar. Hausten 2005 blei det teke opp 123 studentar. Høgskolen har registrert vel 430 studentar, og ca. 500 er uteksaminerte sidan 2001.

IKT-utdanning

Norges informasjonsteknologiske høgskole (NITH) har utdanningstilbod i Bergen og Stavanger. Høgskolen tilbyr bachelorgrad i informasjonsteknologi og tilvarande som dataingeniør. Samla studenttal i Noreg er vel 600 med 270 uteksaminerte i 2004.⁵

³ Manglar data for 2004.

⁴ Tidlegare: Rogaland Vernepleierhøgskole

⁵ Vi manglar tal for Bergen og Stavanger åleine.

Landbruksutdanning

Einaste tilbodet i landbruksutdanning finst ved Høgskulen landbruk og bygdenæringer (HLB) i Hå kommune på Jæren. Høgskulen blei oppretta i 2001 som Høgskulen på Jæren og skifta namn i 2005. Den er organisert som eit ideelt andelslag. Høgskulen tilbyr førebels berre årsstudiar. Samla studenttal i 2004 var 52.

Kunstfag og arkitektur

Einaste reindyrka kunstfaghøgkole er Kunsthøgskolen i Bergen (KHiB), medan Bergen arkitektskole (BAS) same stad er einaste som tilbyr arkitektutdanning. KHiB hadde i 2005 ca. 300 registrerte studentar; 116 blei teke opp dette året. 440 kandidatar er blitt uteksaminert sidan 2001. BAS hadde 127 studentar i 2005; 29 blei teke opp og 57 kandidatar er uteksaminerte sidan 2001.

Teknisk utdanning

Sjøkrigsskolen (SKSK) i Bergen tilbyr marinteknisk utdanning som òg gjev mogleg yrkesval i civile yrke. Høgskulen tar årleg opp ca 25 kadettar til dei marintekniske utdanningane.

Utdanningsretningar

HeIse- og sosialutdanning

I området blir det tilbydd utdanning innanfor dei fleste retningar og nivå i helse- og sosialfag, dvs utdanning som gjev hovudsakleg yrkeskarriere i helse- og sosialsektoren. Berre UiB og UiS gjev utdanning ut over bachelornivå (frå hausten 2006 og HIM), i første rekkje som spesialiserte profesjonsstudiar og nokre mastergradar, dei siste oppretta dei seinare åra. UiS har masterutdanning i helsefag og vidareutdanningar i helsefag, barneverns- og sosionomutdanningane. Høgskulane tilbyr treårige profesjonsstudiar som sjukepleie, sosionom etc. Ein del stader blir det tilbydd deltidssstudiar i tillegg til hovudstudiet.⁶

Sjukepleie er den mest utbreidde utdanninga i området. Den blir tilbydd av alle dei statlege høgskolane utanom Volda, av UiS og av dei spesialiserte private sjukepleiehøgskulane, Betanien og Diakonisshjemmet. Samla årskapasitet i 2004 var ca. 1200 studieplassar og talet på uteksaminerte sidan 2001 er 5474. Særleg store utdanningsplassar finst ved HiA (220), HSH (190), UiS (180) og HiB (160). Alle utdanningsinstitusjonane tilbyr ei rekkje spesialiseringretningar innan sjukepleie.

Vernepleie blir tilbydd av HIM, HSF, HiB, HiA og av DHS-R. Samla årskapasitet er om lag 300 studieplassar. I perioden 2001 til 2005 blei det uteksaminert 1121 kandidatar. HiB og DHS-R dominerer med 75 % av kandidatproduksjonen.

Sosionomutdanning finst ved HVO, HSF, HiB, UiS og HiA. Samla årskapasitet er om lag 300 studieplassar. Sidan 2001 er det uteksaminert 1285 kandidatar, om lag 37 % av landsproduksjonen. UiS dominerer med 31 % av kandidatproduksjonen, medan HiB står for 22 %.

Barnevernspedagogutdanning blir tilbydd ved HVO, HSF og UiS. Samla årskapasitet er 180 studieplassar. Sidan 2001 er det uteksaminert 771 kandidatar, noko som er om lag ein fjerdedel av den norske utdanningsmengda i perioden. Største barnevernspedagogutdanninga er ved UiS som står for 57 % av den vestnorske kandidatproduksjonen.

Ergoterapi og fysioterapi blir tilbydd av HiB. Sidan 2001 har òg DHS-R utdanna ergoterapeutar med dei første uteksaminerte i 2004. Begge er treårige profesjonsutdanningar, men HiB tilbyr òg master og Phd i fysioterapi i samarbeid med UiB. Årskapasiteten er ca. 70 studieplassar. Samla kandidatproduksjon i perioden 2001 til 2005 er 223, ein knapp fjerdedel av landsproduksjonen. Sidan 2001 er det uteksaminert 286 fysioterapeutar ved HiB, ein femtedel av landsproduksjonen. I 2004 var det budsjettert med 65 studieplassar ved høgskulen.

Radiografi er ei spesialisert teknisk utdanning i å bruke røntgenapparat og anna gjennomstrålingsutstyr. Dei fleste radiografar får arbeid i helsesektoren, så vi plasserer utdanninga som helse- og sosialutdanning, sjølv om den òg gjev arbeid innan andre yrke som i industrien. HiB er einaste utdanningstilbod i området med ein opptakskapasitet i

⁶ HIM har fått godkjend eit masterstudium i «kliniske hjelperelasjoner overfor spesielt sårbare grupper». Studiet startar i 2006.

2004 på 50 studieplassar og har sidan 2001 uteksaminert 233 kandidatar 28 % av landsproduksjonen.

Tannpleie er ei treårig i utdanning ved UiB som er ein av to i landet som tilbyr denne utdanninga. Den andre er Universitetet i Tromsø. UiB har ein årleg kapasitet på 20 studieplassar. Sidan 2001 er det uteksaminert 54 kandidatar.

Sjukepleie, fysioterapi og radiografi kan òg utvidast til masterstudiar og PhD ved UiB.

Lange profesjonsstudiar innan helsefag som odontologi, medisin og psykologi⁷ blir berre tilbydd ved UiB. Det første som mastergrad; dei to siste som eigne kandidatgradar. Sidan 2001 er det uteksaminert 227 odontologar, 612 medisinrarar og 282 psykologar (Cand. Psychol.). UiB tilbyr òg masterutdanning i farmasi. Dette studiet starta i 2003, og det er førebels ikkje registrert uteksaminerte frå det. ATH tilbyr et årsstudium i Psykologi med fokus på forholdet mellom religion og helse.

To mindre spesialiserte studieområde kan òg reknast inn i under helse- og sosialutdanning, eller er å finne i grenseområde for dette utdanningsfeltet. Det dreier seg om mat- og ernæringsstudiar, og om studiar av helseforebyggande arbeid. Ved UiB blei det i 2005 starta eit mastergradsstudium i ernæringsvitenskap. HVO starta same år eit eittårig studium i matkultur og helse, og ved HiA finst eit eittårig studium i ernæring, mat og kultur. Det siste kan inngå i fri bachelordgrad eller som fordjupingsemne innan lærarutdanning. UiB og HVO har 20 budsjetterte plassar. HiA har 32.

Matkultur og helse ved HVO kan også reknast som studium innanfor helseforebyggjande arbeid. Det finst to andre utdanningar med slik innretning: Ved UiB er det eit masteremne i «helsefremmende arbeid» og ved HSF eit bachelorstudium i «idrett, fysisk aktivitet og helse». Det siste er rett nok ei spesialisering innanfor ei treårig idrettsutdanning som tek sikte på yrkesval som kroppsøvingslærar, trenarfunksjon m.m. Alle er nye studierettingar i 2005 og har ei kapasitet på 40 plassar for masterutdanninga ved UiB og 20 plassar for dei to andre.

⁷ Psykologi er eit fag som kan reknast både som helsefag og samfunnsfag etter innretning. Vi har her talt alle uteksaminserte kandidatar som helse- og sosialutdanning.

Tabell 3.1 Helse- og sosialutdanninger

Fagområde	Grad	Institusjon	Studieplassar	Kandidatar
Sjukepleie	B	HIM HiÅ HSF HiB HSH UiS HiA BDH DHH	1200	5474
Vernepleie	B	HIM HSF HiB HiA DHS-R	300	1121
Sosionom	B	HVO HSF HiB UiS HiA	300	1285
Barnevernspedagog	B	HVO HSF UIS	150	771
Ergoterapeut	B	HiB DHS-R	60	223
Fysioterapeut	B	HiB	65	286
Radiograf	B	HiB	50	233
Tannpleie	B	UiB	20	0
Ernæring	B	UiB		21
Medisin	Cand.med.	UiB	150	612
Odontologi	M	UiB	50	227
Psykolog	Cand.psychol.	UiB		282
Farmasi	M	UiB	20	0
Helsefag	M	UiB UiS		151
Helseforebygging	M	UiB		
Ernæring	M	UiB		
Ernæring & mat	Å	HVO HiA		

Friluftsliv og idrett

Utdanninger innan friluftsliv og idrett fell i to hovudgrupper. For det første er det årseininger innanfor lærarutdanning som munnar ut i spesialisering som kroppsøvingslærar. For det andre er det bachelorstudiar. Årseininger innan lærarstudiet finn vi alle stader med lærarutdanning med unntak av NLA, dvs. HVO, HSF, HiB, HSH, UiS og HiA. Samla kapasitet i 2004 er 264 budsjetterte plassar. Ved HiA finst det òg eit årsstudium i friluftsliv og naturguiding som grensar opp mot reiselivsutdanning. Dette starta i 2003 og har 24 studieplassar. Bachelorutdanninger finst ved HIM, HSF, UiS og HiA med ein samla kapasitet på ca. 120 studieplassar. Bachelorstudiane fell i to grupper: dei som er profilerte mot friluftsliv og dei som er profilerte mot idrett, men her er det overlapping mellom fleire av studiane. Det ved HIM er eit studium i sportsleiring og kombinerer altså leiingsopplæring med opplæring i idrett. Ved HiA kan det òg takast mastergrad i idrett, der dei fem første blei uteksaminerte i 2005.

Lærarutdanning

Det er allmennlærarutdanning ved alle dei statlege høgskulane i området, med unntak av den i Molde og den i Ålesund, ved Universitetet i Stavanger og ved den private høgskulen Norsk lærerakademi. Samla årskapasitet 2004 var 1140 studieplassar. I perioden 2001 til 2005 uteksaminerte desse institusjonane 3177 kandidatar, om lag ein tredjedel av samla norsk lærarutdanning i perioden. Største lærarutdanningsstadene er HiB, UiS og HiA med 26 % 17 % og 15 % av samla ferdige kandidatar i området.

Det blir tilbydd 64 ulike spesialiserte lærarutdanninger som årseininger tilsvarende 945 studieplassar. Dette talet er likevel misvisande for det samla tilbodet av spesialisert lærarutdanning sidan det ved institusjonane òg finst grunnfag/årsstudium som kan fungere tilsvarende. Spesialiserte årseininger i lærarutdanning må derfor sjåast i samanheng med andre årsstudium innom same temaet. Tabell viser ei tematisk gruppering av ulike årseininger som bli tilbydd av institusjonane i området.

Tabell 3.2 Årseininger i lærarutdanning

Temaområde	Skular	Studieplassar	Prosent
Kunst og handverk	HVO HiB HiA	84	9
Drama	HVO HiB HiA	59	6
Musikk	HVO HSH HiA	79	8
Idrett	HVO HSF HIB HSH UiS HiA	214	23
IKT	HVO	48	5
Mediekunnskap	HVO HiA	60	6
Heimekunnskap	HiB HiA	42	4
Natur- og miljøfag	HiB HSH	44	5
Matematikk	HSF	?	
Språkfag	HVO HSF HIB HSH HiA HiÅ	135	14
Samfunnsfag	HVO HSF HIB HSH HiA	120	13
Samla		945	100

Faglærarutdanning blir tilbydd ved UiB, HiB, HSH, UiS og HiA. Ved UiB starta i 2004 ein tilbod om faglærarutdanning med mastergrad innan matematikk og naturfag, naturvitenskap, og språkfaga, nordisk, engelsk, fransk og tysk med til saman ca. 70 studieplassar. HiB har treårig faglærarutdanning i matematikk og naturfag med ni uteksaminerte i tida 2001 til 2004. HSH har fireårig faglærarutdanning i praktisk – estetiske fag med 21 uteksaminerte sidan 2001. UiS har faglærarutdanning med bachelorgrad i musikk, dans og drama (enten separat eller i kombinasjonar) med til saman 71 uteksaminerte sidan 2001. HiA har faglærarutdaning innan musikk og drama med bachelorgrad med til saman 71 utdanna sidan 2001.

Førskulelærar blir tilbydd av dei same institusjonane som har allmennlærarutdanning. I 2004 var kapasiteten om lag 680 studieplassar. I perioden 2001

til 2005 er det uteksaminert 2952 forskulelærarar i området. Dette er 40 % av den norske totalutdanninga. Dei største utdanningane er ved HiB og HiA med 24 % og 21 % av samla produksjon.

Alle institusjonane med lærarutdanning tilbyr òg praktisk pedagogisk utdanning. Sidan 2001 er det uteksaminert mest 1900 kandidatar

Eigne opptak i pedagogikk blir tilbydd av UiB, NLA og HiA som mastergrad ved UiB og NLA og som bachelor og årseining ved NLA og HiA. UiS tilbyr masterutdanning i spesialpedagogikk. Sidan 2001 er det uteksaminert 75 master/hovudfagsgradar i dette faget ved UiS.

Ved HSH blir det tilbydd masterstudium i IKT i læring som er særleg retta mot IKT i pedagogiske samanhengar (sjå s. 34).

Samfunnsfag, historiefag, idéfag og rettsfag

Samanlikna med profesjonsfaga er samfunnsfaga langt meir oppsplitta. Dessutan finst det ei rekke hybridar som kombinerer to (eller fleire) fagretningar. Det er mest vanleg i dei statlege høgskulane, men grip stadig meir om seg òg i universiteta. Det varierer òg korleis dei ulike faga er kategoriserte. Enkelte stader er t.d. økonomiutdanninga rekna som eit eige fagområde, andre stader inngår det saman med andre samfunnsfag. Alt dette gjer at det ikkje er så lett å telje opp samfunnsfag som profesjonsutdanningar og lærarutdanning.

Økonomiske og administrative fag

Største utdanningsretninga innanfor økonomisk-administrative fag er den tradisjonelle økonomisk-administrativ høgskuleutdanninga. Dette var ein av dei mest populære yrkesretta utdanningane ved distrikthøgskulane og blei med dei inn i dei regionale høgskulane då desse blei oppretta. Fram til ca. 2001 var den for det meste toårig, men har siste år gått over til å bli treårig alle stader med unntak av HIM som held oppe eit toårig studium i tillegg til eit nyt treårig som starta i 2002. Treårig øk.adm. finst ved HIM, HSF, HiB, HSH, UiS og HiA. Frå 2006 vil òg HiÅ tilby treårig øk.adm. Det er òg treårig økonomisk administrativ utdanning ved filialane til BI. I tillegg blir det også uteksaminert nokre få ved NHH (11 stykke i 2005). Samla kapasitet er 630 studieplassar, og sidan 2001 er det uteksaminert 1888 kandidatar (dette inkluderer toårlige). Største utdanninga finn vi ved HiA med ein tredjedel av kandidatproduksjonen. UiS tilbyr masterutdanning i øk.adm.

Siviløkonomutdanning er å finne ved BI, NHH, UiS og HiA. Innanfor den generelle graden finst ei rekke ulike spesialiseringer. Samla årskapasitet er 490 studieplassar (pluss dei ved BI). Sidan 2001 er det utdanna 2137 kandidatar, tre fjerdedelar ved NHH som er ein spesialisert høgskule for økonomisk utdanning.

Bedriftsøkonomi blir tilbydd av BI med avdelingar i Ålesund, Bergen og Stavanger, der ein kan velje mellom bachelorgrad og mastergrad i Management eller Business Administration. I tillegg tilbyr BI ei rekke meir spesialiserte utdanningar som årsstudiar eller bachelorstudiar. Årsstudiar i bedriftsøkonomi finn vi òg ved HIM og HSF.

Av andre leiingsorienterte utdanningar finn vi bachelorstudiet (2-årig før 2003) samfunnsfag med personalledelse ved UiS. Studiet kan vidareførast som masterutdanning i endringsleiring. Studiet har ein årskapasitet på 70, og det er

uteksaminert 177 kandidatar sidan 2001. Ved UiS finn vi òg dei meir spesialiserte utdanningsretningane kjøkken- og restaurantleiring, reiselivsledelse og hotelledelse. Den første er toårig, dei to andre bachelorgradar med årskapasitet på om lag 80 studieplassar kvar. Sidan 2003 er det utdanna 107 bachelorgradar i hotelleiring og 85 i reiselivsleiring. Det er òg råd å ta masterutdanning i internasjonal hotell- og reiselivsadministrasjon. Elles finn vi utdanninger som er spesifikt retta mot reiseliv, ved HSF og BI. HSF tilbyr bachelorgraden turisme og reiseliv (tidlegare kalla økonomi og reiseliv). Studiet har 30 plassar og sidan 2001 er det utdanna 31 kandidatar. BI har bachelorutdanning i reiseliv- og serviceledelse. UiB tilbyr mastergrad i offentlig organisering og ledelse. Studiet blei oppretta i 2004 med 25 studieplassar. Ved HiÅ finst utdanning til bachelorgraden i innovasjonsledelse og entreprenørskap. Studiet var nytt i 2005 og har 30 studieplassar. HiA tilbyr sidan 2003 bachelorgrad i velferdsadministrasjon. Også dette har 30 studieplassar. Ved HiA finn vi eit sivilingeniørstudium i industriell økonomi og informasjonsledelse. Dette starta i 2002 og har 20 studieplassar i året. Også UiS har sivilingeniørstudium i industriell økonomi med og har utdanna 107 sivilingeniørar/Master i teknologi sidan 2001. Ved HSF finst mastergrad i organisasjon og leiing. Studiet, som starta i 2002, er retta mot dei store velferdssektorane. Første uteksaminerte kandidat kom i mars 2006.

Spesialisert utdanning i marknadsføring finn vi ved BI og HiÅ. BI tilbyr bachelorgradar og årsstudium i markedsføring, internasjonal markedsføring og markedskommunikasjon. Det er òg råd å ta mastergrad som sivilmarkedsfører eller som spesialisering innanfor siviløkonomutdanning. HiÅ tilbyr bachelorgrad i eksportmarkedsføring (før 2003 som toårig utdanning). Sidan 2001 er det uteksaminert 166 kandidatar.

Utdanning innan logistikk finn vi ved HIM, BI og HiB. BI tilbyr bachelorgrad i logistikklelse. HIM tilbyr bachelorgrad i logistikk og i transportøkonomi og logistikk. I tillegg til generell logistikk finst spesialiseringane internasjonal logistikk og petroleumsligistikk. Den første er eit samarbeid mellom HIM og HiÅ og er lagt til Ålesund. Den andre skjer ved ein filial i Kristiansund. Det er ved HIM òg råd å ta mastergrad i logistikk. Dette er einaste utdanninga på dette nivået i fagområdet på Vest- og Sørlandet. Sidan 2001 er det uteksaminert 100 treårige/bachelorgradar og 98 mastergradar. HiB tilbyr økonomisk-administrativ utdanning med fordjuping i logistikk (bachelorgrad). Det er uteksaminert 78 kandidatar sidan 2001.

UiB har utdanning i samfunnsøkonomi og politisk økonomi som resulterer i mastergrad. Ved UiB er det òg råd å avlegge mastereksamen i kombinasjonsfaget informatikk, matematikk og økonomi. Kombinasjonar av IT-utdanning og økonomi finn vi òg ved UiS og HSF. Ved den første som økonomi og informatikk ved den andre som økonomi og informasjonsbehandling, ei utdanning som er mindre teknisk enn informatikk. Begge er bachelorgradar. Ved HSF er det utdanna 20 kandidatar i 2004 og 2005, medan det ved UiS er utdanna 35 sidan 2003.

Masterstudiet i samfunnssikkerheit og risikostyring ved UiS (sjå s. 41) eksisterer både i ein teknisk-naturvitenskapleg og ein samfunnsvitenskapleg variant. SV-varianten vil nok falle inn under samfunnsfaglege leiingsfag og statsvitenskaplege fag.

Tabell 3.3 Økonomisk-administrative utdanninger

Fagområde	Grad	Institusjon	Studieplassar	Kandidatar
Bedriftsøkonomi	Å	HIM HSF	70	
Hotelledelse	B	UiS		
Innovasjonledelse og entreprenørskap	B	HiÅ	30	
Reiseliv og serviceledelse	B	BI		
Reiselivsledelse	B	UiS	80	107
Revisor	B	BI HIM UiS HiA	65	194
Samfunnsfag med pers. ledelse	B	UiS	80	85
Turisme og reiseliv	B	HSF	30	31
Velferdsadministrasjon	B	HiA	30	11
Øk.adm. (2–3 år)	B	HIM HSF HiB NHH HSH UiS HiA	630	1888
Bedriftsøkonomi	B M	BI		
Logistikk	B M	BI HIM HiB	100	276
Offentlig org. og ledelse	M	HSF UiB	25	
Endringsleiring	M			
Samfunnsøkonomi	M	UiB	70	59
Siviløkonom/øk.adm.	M	BI NHH UiS HiA	490	2137
IT og økonomi	M B	UiB HSF UiS	80	55
Marknadsføring	M B	BI HiÅ		
Industriell økonomi	M	UiS HiA	30	153

Rekneskap/revisjon

Det er revisorutdanning ved BI, HIM, UiS og HiA. Samla kapasitet er 65 studieplassar i året. Sidan 2001 er det utdanna 194 kandidatar, flest ved UiS. Ved HIM er det òg eittårig utdanning i elektronisk handel og innkjøpsleiring og toårig utdanning i rekneskapsføring.

Statsvitsskaplege fag og politikkstudiar

Ved UiB blir det tilbydd mastergradar (tidlegare hovudfag) i administrasjons- og organisasjonsvitsskap og samanliknande politikk. Sidan 2001 er det fullført 108 hovudfags-, 63 bachelor- og åtte mastergradar i samanliknande politikk, og 100 hovudfags, 31 bachelor- og 50 mastergradar (inkludert Master of Philosophy) i administrasjons- og organisasjonsvitsskap. Det er òg sidan 2003 blitt tilbydd mastergrad i arbeidslivsstudiar som kan oppfattast som ein hybrid mellom fleire fagområde historie, politikk og sosiologi.

HIM tilbyr årsstudium i statsvitsskap og bachelorgrad i politikk og samfunnsendring⁸. Den siste studieretninga har resultert i 4 bachelorgradar i 2004 og 2005. HVO har ei toårig utdanning i offentleg administrasjon med fire uteksaminerte kandidatar dei to siste år. Studiet må likevel sjåast i samanheng med utdanningar i kommunal planlegging og administrasjon og i samfunnplanlegging, det første med bachelorgrad og det siste med mastergrad. Sidan 2001 er det avgjort 24 bachelorgradar/treårige kandidatar i communal planlegging og administrasjon og i tillegg åtte bachelorgradar i generell planlegging og administrasjon. Samfunnsplanlegging har resultert i 30 mastergradar pluss 18 i såkalla integrasjonsmodul.

HiA tilbyr årsstudium og bachelorgrad i statsvitsskap/offentleg administrasjon (toårig før 2001) og master i offentleg administrasjon. Sidan 2001 er det avgjort 102 bachelorgradar/treårige kandidatar og 61 mastergradar.

⁸ F.o.m. 2006 er dette endra til bachelorgradar i «statsvitsskap» og i «juss og administrasjon». I 2006 startar HIM òg masterutdanning i «samfunnsendring, organisasjon og ledelse».

Tabell 3.4 Statsritskaplege utdanninger

Fagområde	Grad	Institusjon	Studieplassar	Kandidatar
Adm. org.	B	UiB HiA	160	165
Kommunal planlegging	B	HVO		34
Sam. pol.	B	UiB		63
Politikk og samf. endring	B	HIM	30	4
Adm. org.	M	UiB HiA	160	211
Sam. pol.	M	UiB		
Samfunnplanlegging	M	HVO	15	48
Sam. pol.	M	UiB	80	116

Sosiologi og antropologi

Ved UiB er det råd å avlegge master- og bachelorgrad i sosiologi. Dette er det einaste tilbodet på masternivå på Vest- og Sørlandet. Sidan 2001 er det uteksaminert 109 master/hovudfagskandidatar, seks av desse som mastergrad, og 30 bachelorgradar. HSF tilbyr sidan 2004 bachelorgrad i ungdomssosiologi. Elles finst det årsstudiar i sosiologi og samfunnsfag ved HVO, HSF og UiS. Ved lengre utdanningsløp inngår samfunnsvitskap og sosiologi som delstudium i meir spesialiserte utdanningsretningar: ved HVO i historie og kulturfagleg utdanning eller planleggingsutdanning og ved UiS i ulike variantar av leiings- og forvaltningsutdanning: personalleiing, kulturforvaltning og miljøarbeid. Samfunnsfag med personalleiing er klart den største (sjå s. 21).

UiB er òg einaste institusjon som tilbyr studium i antropologi som master- og bachelorgrad. Sidan 2001 er det avgjort 109 hovudfags/mastergradar i sosialantropologi og 36 bachelorgradar. Ved Misjonshøgskolen kan ein ta innleiande studiar i antropologi, og ved eit par høgskular finst det utviklingsstudium som kan ha berøringspunkt med antropologifaget, og dette kan vere tilfelle for ulike kulturfag. Ved UiB er det sidan 2004 òg råd å ta mastergrad i utviklingsstudiar. Elles finst det års- og bachelorutdanning i utviklingsstudier ved HiA, og utviklingsstudier/samfunns- og utviklingsstudier som del av lærarutdanninga ved HSH. Utdannings til bachelorgrad i utviklingsstudier blei oppretta ved HiA i 2003, og dei første elleve kandidatane blei uteksaminert i 2005. Ved NLA finst bachelorstudium i interkulturell forståing.

Tabell 3.5 *Sosiologi, antropologi og utviklingsstudier*

Fagområde	Grad	Institusjon	Studieplassar	Kandidatar
Sosiologi/samfunnsfag	Å	HVO HSF UiS		
Sosiolog	B	UiB		30
Ungdomssosiologi	B	HSF	10	
Sosialantropologi	B	UiB		36
Utviklingsstudier	B	HiA		11
Interkulturell forståing	B	NLA		
Sosiologi	M	UiB		121
Sosialantropologi	M	UiB		98
Utviklingsstudier	M	UiB		

Geografi, miljø og ressursfag

UiB tilbyr master- og bachelorstudium i geografi med 82 uteksaminerte hovudsfags/mastergradar og 17 bachelorgradar sidan 2001. I tillegg er det råd å ta samfunnsfagleg eller realfagleg mastergrad i miljø- og ressursfag, og tilsvarende i integrert kystsoneforvalting førebels utan uteksaminerte kandidatar. Ein mastergrad i Mountain Ecology and Human Adaptation resulterte i tre kandidatar i 2005. Elles er geografi, miljø- og ressursfag eit fagområde son har få studietilbod på Vest- og Sørlandet, sjølv om slike tema òg kan studerast innan andre fag som t.d. biologi. Ved HSF finst bachelorstudium i landskapsplanlegging. Studiet blei oppretta i 2002, men det er ikkje rapportert om uteksaminerte kandidatar fram til no. Planleggingsstudiane ved HVO kan ha berøringspunkt med geografistudiar. Det finst ei utdanning i geografiske informasjonssystem ved HiÅ. Den er gruppert saman med IKT-utdanningane (sjå s. 34).

Tabell 3.6 *Geografi, miljø- og ressursfag*

Fagområde	Grad	Institusjon	Studieplassar	Kandidatar
Geografi	B	UiB	70	17
Kystsoneforvalting	B	UiB	30	1
Landskapsplanlegging	B	HSF	15	10
Geografi	M	UiB		82
Mountain ecology	M	UiB		3
Water resources & coastal management	M	UiB		5

Historie og kunst/kulturhistorie

Bachelorgrad i historie finst ved HVO, HSF, UiB, UiS og HiA. Ved HVO, UiB og UiS finst det rett nok studiar i tillegg som omhandlar historie og kultur, ved HVO som historie, kultur og samfunn. Dei fleste stader er dette nye studiar som til no berre har resultert i eit fåtal uteksaminerte kandidatar (12 kandidatar til no samla for høgskulane). Unntaket er UiB som sidan 2003 har uteksaminert 95 bachelorkandidatar i historie og kulturfag. Dette inkluderer fleire spesialiseringar der nokre kombinerer fleire tradisjonelle fagdisiplinar: antikke studiar, arbeidslivsstudiar, kvinne- og kjønnsstudiar, mellomalderstudiar og Midtaustenstudiar. Dei fleste stadene spring bachelorstudiane ut av tidlegare årsstudiar/grunnfag i historie. Slike årsstudiar finst framleis ved dei statlege høgskulane som tilbyr bachelorgraden i historie; ved HSF rett nok under beteikninga samfunnsfag som kombinerer historie, internasjonale forhold og samfunnsvitskapleg metode. Årsstudium som kombinerer historie og samfunnsfag finst òg som del av lærarutdanninga ved Hib.

Masterstudiar i historiske fag finst ved UiB og UiS; ved den siste som master i historiedidaktikk.⁹ HiB samarbeider med UiB om ein tilsvarande mastergrad. Ved UiB finst masterprogram i arkæologi, historie, kunsthistorie, og kulturvitenskap. Med unntak av nokre M. Phil. utdanninger er dette nye mastergradar som ikkje har ført til særleg mange uteksaminerte kandidatar til nå, men dei representerer vidareføring av tidlegare hovudfagsstudiar. Uteksaminerte kandidatar sidan 2001 på hovudfags- og masternivå framgår av tabell 3.7.

Ved UiS finst utdanning til bachelorgraden i kunst- og kulturforvalting.¹⁰ Dette er eit studium som kombinerer kunst- og kulturfagleg teori med administrasjons- og forvaltningskunnskap. Det har mykje til felles med visse spesialiseringar i kulturvitenskap ved UiB. Ved MHS er det eit bachelorprogram i interkulturell kommunikasjon og globalt samarbeid. Høgskulen har òg årsstudium i dette faget, noko vi òg finn ved NLA. MHS har årsstudium i tverrkulturell kommunikasjon. Alle retningane er nye tre siste år. Her er også studietilbod i religions- og menneskerettar.

⁹ Dette studiet startar først hausten 2006.

¹⁰ Dette studiet heiter no kunst- og kulturvitskap, og blir tilbydd som masterstudium frå og med hausten 2006.

Tabell 3.7 Historie, kunst- og kulturhistorie

Fagområde	Grad	Institusjon	Studieplassar	Kandidatar
Historie og kulturhistorie	B	HVO HSF UiB UiS HiA		107
Arkeologi	M	UiB		58
Historie	M	UiB		147
Kulturvitenskap	M	UiB UiS		59
Kunsthistorie	M	UiB UiS		62

Filosofi, religion og idéfag

Utdanning i kristendom, religion, livssyn og teologi finst ved HVO, NLA, UIS, MSH, HiA og ATH. Dei ulike utdanningsinstitusjonane har noko ulik vinkling på studiane. Samla kandidatproduksjon sidan 2001 er 91 kandidatar. Dei aller fleste er utdanna ved dei kristlege høgskulane NLA, MSH og ATH. Masterutdanning i kristendom og religion finst ved HiA og NLA med til saman 23 uteksaminerte kandidatar; dei fleste ved NLA. Mastergraden ved NLA gjev høve til spesialisering i teologiske emne. Med praktisk – teologisk tilleggsutdanning kvalifiserer dette til presteteneste i Den norske kyrkja. Masterutdanning og profesjonsutdanning i teologi finst ved MHS, der 50 kandidatar i teologi er blitt uteksaminert sidan 2001 og 32 kandidatar på den toårige engelskspråklege graden Master of Philosophy in Theology. UiB har bachelorgrad i idéfag med 1 uteksaminert i 2005 og mastergradar i filosofi og i religionsvitenskap. Dei har avløyst tidlegare hovudfag. Til saman er det uteksaminert 59 master og hovudfag i filosofi og 43 i religionsvitenskap sidan 2001.

Tabell 3.8 Filosofi, religion og idéfag

Fagområde	Grad	Institusjon	Studieplassar	Kandidatar
Kristendom, religion og livssyn	Å	HVO NLA UiS MHS ATH	290	
Kristendom, religion og teologi	B	HVO NLA UiS MHS HiA ATH	180	91
Idéfag	B	UiB		1
Kristendom, religion teologi	M	NLA HiA MHS	23	
Filosofi	M	UiB		59
Religionsvitenskap	M	UiB		43
Teologi	M	MHS	40	82

Rettsfag

Einaste studium i juss/rettsvitenskap som gjev kandidateksamen finst ved UiB, der ein kan ta mastergrad i det som no blir kalla rettsvitenskap. Studiet har 350 budsjetterte

studieplassar og samla kandidatutdanning etter 2001 er 901. Det finst òg eit årsstudium i juss ved HIM. HiB tilbyr utdanning i jordskifte med til saman 69 uteksaminerte kandidatar sidan 2001.

Språk, litteratur, estetiske fag og mediefag

Språkfag

Årsstudiar i språk finst ved UiB, UiS og dei statlege høgskulane med unntak av HIM. Dei utgjer eit stort tal av studieplassar (jfr tabell 3.9). Mange av dei inngår i lærarutdanninga eller i kombinasjonsstudiar. UiS har to variantar av årsstudium særleg retta mot lærarstudentar: Årsstudium i engelsk m/didaktikk og årsstudium i tysk m/didaktikk.

Bachelorstudiar i språkfag finst berre ved UiB, UiS og HiA. Ved UiB er dette ein felles bachelor i språk. Ved UiS og HiA finst studiane språk og litteratur ved UiS og språk og kultur ved HiA.¹¹ Samanlikna med UiB representerer dei ein marginal kandidatproduksjon med 4 og 2 uteksaminerte i 2004 og 2005.

Mastergrad i språkfag finst for det meste ved UiB, men ved HiA er det råd å avlegge mastergrad i nordisk og ved HVO finst det ein mastergrad i nynorsk skriftkultur. Produksjon av kandidatar – hovudfag, master og M.Phil. sidan 2001 går fram av tabell 3.9.

HiA har ei spesialisert utdanning som omsetjar, der ein kan spesialisere seg i retningane engelsk, fransk og tysk. Ved UiB finst utdanning som tolk og ei årseining i norsk som andrespråk. Ved HiB utdanning i teiknspråk og tolking (døvetolk). I tillegg kan ein avlegge bachelorgrad i norsk og medier ved HiA (sjå s. 32).

¹¹ Språkstudia ved alle høgare utdanningsinstitusjonar har litteratur/kultur som vesentlege komponentar, men namna på studia kan variere mellom dei ulike lærstadane. Både UiS og HiA sine språkstudium motsvarar språkstudium ved andre institusjonar.

Tabell 3.9 Språkfag

Fagområde	Grad	Institusjon	Studieplassar	Kandidatar
Engelsk	Å	HSF UiS HiA HSH	170	
Fransk	Å	UiB UiS HiA	60	
Nordisk	Å	HVO UiB UiS HiA	130	
Spansk	Å	UiB HSH HiÅ	120	
Tysk	Å	UiB UiS	40	
Tolkeutdanning		UiB	86	
Språk	B	UiB UiS HiA*)	291	
Oversetting og fagspråk: eng/fr/ty	B	HiA	50	101
Tegnspråk og tolking	B	HiB	20	
Arabisk	M **)	UiB		3
Engelsk	M	UiB		117
Fransk	M	UiB		28
Gresk	M	UiB		5
Italiensk	M	UiB		2
Latin	M	UiB		3
Nordisk ***)	M	UiB HiA		95
Russisk	M	UiB		5
Spansk og Latinamerikastudiar	M	UiB		31
Tysk	M	UiB		23
Lingvistikk	M	UiB		17

*) inkluderer spesialiseringa språk og media

**) inkluderer hovudfag, master og Master of Philosophy.

***) inkluderer éin mastergrad i norrøn filologi (2004).

Litteraturfag

Spesialiserte generelle litteraturstudiar har eit heller lite omfang i det samla tilbodet. Men sidan språkstudiar kan vere innretta mot litteratur på det aktuelle språket, gjev ikkje dette noko utfyllande bilete av mengda litteraturstudiar. Bachelorstudiet i språk og litteratur

ved UiS er òg relevant i denne samanhengen (sjå s. 29). Det finst årsstudium i litteratur ved HiA, og bachelorstudiar ved UiB og HiA, og i litteratur og kultur ved HVO. Dette er nye studiar, og berre sju kandidatar er førebels uteksaminerte; ingen ved UiB.

Mastergradar innan litteraturemne kan takast ved UiB og HVO. HVO har masterstudium i nynorsk skriftkultur med fem uteksaminerte dei to siste åra. Ved UiB finst mastergrad i allmenn litteraturvitenskap og i teatervitenskap. Uteksaminerte inklusiv hovudfag sidan 2001 er 75 og 11 kandidatar.

Ved UiS finst det både ein norsk- og engelskspråkleg variant av masterstudium i lesevitenskap/Literacy Studies.

Ved UiB finst òg bachelorgrad i retorikk. Der er det til nå ingen uteksaminerte, men 32 stykke er registrert på studiet.

Tabell 3.10 Litteraturfag

Fagområde	Grad	Institusjon	Studieplassar	Kandidatar
Litteratur	Å	HiA		
Litteratur	B	HVO UiB UiS HiA	85	7
Retorikk	B	UiB		
Nynorsk skriftkultur	M	HVO		5
Litteraturvitenskap	M	UiB		75
Teatervitenskap	M	UiB		11
Lesevitenskap	M	UiS		

Kunst / musikk / drama

Det finst musikkutdanning ved HVO, UiB, UiS, HiA og ATH. Alle tilbyr utdanning til bachelorgraden; ATH i tillegg årsstudium i musikk. Årsstudium i musikk finst òg tilknytt lærarutdanninga ved HVO, HSH og HiA. Spesialisert musikklerarutdanning finst HiB, UiS og HiA. Utdanningane har noko ulik vinkling. Ved UiS er den faglærarutdanning i musikk, dans og drama. Einaste masterutdanning i musikk er ved UiB (Griegakademiet).

Bachelorgrad i estetiske fag finst ved UiB og KHiB; ved den siste som praktisk og teoretisk utdanning i visuelle kunstfag og design. KHiB har også mastergradar innan sine fagområde. Spesialisert faglærarutdanning i praktisk estetiske fag finst ved HSH, men det er òg råd å ta lærarutdanning med kunst- og handverkspesialisering som årseining ved HVO, HiB og HiA.

UiS tilbyr eit frittståande eittårig påbyggingsstudium i utøvande musikk: Postgraduate Diploma in Music Performance.

Tabell 3.11 Estetiske fag

Fagområde	Grad	Institusjon	Studieplassar	Kandidatar
Musikk	Å	ATH UiS		
Faglærar estetiske fag		HSH	30	120
Musikk	B	HVO UiB UIS HIA ATH		135
Musikklærar		HiB UiS HiA		272
Musikk	M	UiB		26
Estetiske fag	B	UiB		48
Moderne kunst og estetikk	B	UiB		2
Visuell kunst	B	BKH		197
Design	B	BKH		
Visuell kunst	M	BKH		75
Design	M	BKH		

Mediefag

Mediefag er ei heterogen gruppe med overlapping til fleire andre fagområde, særleg til språk og til informasjonsvitenskap. Journalistutdanning som gjev bachelorgrad, finst ved HVO, UiB, UiS og MHG. Ved UiB er den ny i 2005, og den ved MHG starta i 2003. Journalistutdanninga er innretta mot yrkeskarrierar i alle medietypar, og det ser ut til å gå i retning av ein større grad av integrasjon mellom dei ulike medietypane i utdanninga, medan ein tidlegare valde ei sterkare spesialiseringar mellom fjernsyns-, radio- og avisjournalistikk.

Utdanning i film, fjernsyns- og medieproduksjon finst ved HVO, UiB og UiS. Ved HVO finst eit årsstudium i fjernsynsproduksjon. Høgskulen har i tillegg bachelorutdanning som er spesialisert for animasjonsproduksjon. Utdanninga ved UiB er ny i 2005 og er retta mot bachelorgrad i film- og fjernsynsproduksjon. Ved UiS gjevstudiet bachelorgrad i fjernsyns- og multimediasproduksjon og er ei vidareføring av eit tidlegare studium i medieteknikk.

HVO og HiA har utdanning til bachelorgraden som kombinerer design og multimedia. Dette kombinasjonsstudiar av IKT og medieteknikk. Ved HiA finst eit anna kombinasjonsstudium, norsk og media, som er språk/litteraturstudium som er spesielt retta mot språk i media. Utdanninga er ny med første uteksaminate i 2005. Det same gjeld studiet i kommunikasjon som er eit humanistisk vinkla kommunikasjonsfag. Ved HVO finst utdanning som gjev bachelorgrad som informasjonsarbeidar. Dette er eit studium som er særleg retta mot informasjons- og mediehandteringsfunksjonar i bedrifter og offentlege og private organisasjoner.

Masterutdanning i mediefag finst berre ved UiB, der ein kan ta mastergrad i medievitskap og i screenwriting, det siste er ein M.Phil. grad.

Tabell 3.12 Mediefag

Fagområde	Grad	Institusjon	Studieplassar	Kandidatar
Journalistutdanning	B	HVO UiB UiS MHG	144	509
Fjernsynsproduksjon	Å	HVO		
Fjernsynsproduksjon	B	UiB UiS	40	39
Animasjonsutdanning	B	HVO	10	23
Informasjonsarbeidar	B	HVO	30	100
Medie, IKT og design	B	HVO HiA	80	26
Norsk og medier	B	HiA	25	1
Kommunikasjon	B	HiA	25	14
Medievitskap	M	UiB		73
Screenwriting	M	UiB		28

Teknisk og naturvitenskapleg utdanning

IKT-fag

Innan IKT-fag kan vi skilje mellom data- og teleingeniør, informatikk og ei noko mindre spesialisert gruppe av fag med varierande grad av samfunnsvitenskapleg innslag som vi nyttar beteikninga informasjonsvitenskap om etter studiet ved UiB. Utdanning av siste typen finn vi ved HIM, HSF, UiB, HiB og HiA. Informasjonsvitenskap ved UiB er eit IKT-fag med samfunnsvitenskapleg profil som kan takast som både bachelor- og mastergrad (tidlegare hovudfag). Ved dei andre institusjonane gjev utdanningane bachelorgrad. HIM tilbyr informasjonsbehandling, drift og administrasjon som er ei forholdsvis generell IT-utdanning som ikkje krev særlege matematikkunnskapar. Det same gjeld studiet i informasjonsbehandling ved HSF og IT og informasjonssystem ved HiA. Studiet i informasjonsteknologi ved HiB er særleg retta mot programvareutvikling. Med unntak av HIM som før 2003 hadde ei toårig linje innan dette faget, er dette nye utdanningsar som starta i 2003 eller seinare, og som derfor har liten kandidatproduksjon til no.

Ved HSH finst eit masterstudium i IKT i læring som er særleg retta mot IKT i undervisning og andre pedagogiske område. Studiet, som er det einaste i sitt slag i landet, har eit breitt tverrfagleg innhald. Sidan 2004 er det uteksamert 15 kandidatar.

Dataingeniørutdanning finst ved HiÅ, HiB, UiS og HiA, medan HiÅ og HiA òg har utdanning til teleingeniør. Den ved HiA er ei spesialisert utdanning retta mot mobiltelefoni (sjå også s. 38). UiS og HiA tilbyr IKT-utdanning på sivilingeniørnivå, dvs. no som mastergrad. Informatikkutdanning finst ved HIM og UiB. Begge tilbyr både bachelor- og mastergrad. Elles finst og ein del meir spesialiserte masterstudium med IKT-relevans ved UiB: System dynamics, berekningsvitenskap og informatikk-matematikk-økonomi. UiS har eit masterstudium i informasjonsteknologi. Her kan ein velje mellom

spesialiseringsretningane datateknikk og kybernetikk/signalbehandling. Ved UiS finst òg eit studium i informatikk og økonomi som bachelorgard. Ved HiÅ finst utdanning til bachelorgarden i geografiske informasjonssystem (GIS). Ved UiB er det sidan 2004 eit profesjonsstudium i IKT, førebels utan uteksaminerte kandidatar.

Tabell 3.13 IKT-fag

Fagområde	Grad	Institusjon	Studieplassar	Kandidatar
Informasjonsvitenskap og likn. *)	B	HIM HSF UiB HiB HiA	175	183
Informatikk	B	HIM UiB	110	321
Informatikk og økonomi	B	UiS	35	47
Informatikk og matematiske metoder	B		?	21
Dataingeniør	B	HiÅ HiB UiS HiA	212	905
Teleingeniør	B	HiÅ**) HiA	40	50
GIS	B	HiÅ	30	31
IKT sivilingeniør	M	UiS HiA	42	306
Informatikk	M	HIM UiB		128
Informasjonsvitenskap	M	UiB		99
System dynamics	M	UiB		23
Beregningsvitenskap	M	UiB		2
Informatikk matematikk økonomi	M	UiB	30	
Informasjonsteknologi	M	UiS		

*) Litt varierande beteikningar på denne fagretninga mellom dei ulike institusjonane

**) nedlagt frå 2006

Matematiske fag

Matematikkutdanning med gradsnivå finst berre ved UiB og HiA. I tillegg er det årsstudiar ved UiS og HiA. UiB og HiA tilbyr bachelorutdanning i matematikk og hybridfaga informatikk med matematiske metodar ved HiA og matematikk og statistikk ved UiB. HiA har mastergrad i matematikkdidaktikk og UiB mastergrad i matematikk og i statistikk som kvar er oppdelt i fleire underområde (jfr. tabell).¹²

¹² Matematikk finst i variantane: rein matematikk, generell anvendt matematikk, anvendt analyse, algebra/algebraisk geometri og diskret matematikk. Statistikk finst i variantane dataanalyse og finansesteori/ forsikringsstatistikk

Tabell 3.14 Matematiske fag

Fagområde	Grad	Institusjon	Studieplassar	Kandidatar
Matematikk	Å	UiS HiA	75	
Matematikk	B	UiB HiA	55	
Informatikk og matematiske metoder	B	HiA		21
Matematikk og statistikk	B	UiB	15	2
Matematikkdidaktikk	M	HiA	10	29
Matematikk	M	UiB		36
Statistikk	M	UiB		10

Fysikk og geofysikk

Utdanningstilbod i fysikk som gjev ferdige gradar, finst berre ved UiB. Men ved HiA finst eit årsstudium i fysikk, som inntil 2004 var eit kombinasjonsstudium, fysikk med matematikk. Ved UiB finst dei to fysikkfaga, fysikk og geofysikk. Det siste er igjen er delt i meteorologi og oseanografi. Det finst bachelorgrad i fysikk, anvendt geofysikk, meteorologi og oseanografi. Til mastergrad i fysikk er det råd å velje mellom fleire spesialiseringar – hydroakustikk, industriell instrumentering, kjernefysikk, mikroelektronikk, miljø- og kvanteoptikk, partikkelfysikk, romfysikk og teoretisk fysikk og modellering. Geofysikk omfattar spesialiseringane geofysikk, geovitskap, fysisk oseanografi, klima og meteorologi. Ein del tidlegare spesialiseringar i fysikk er overført til masterstudiet i prosessteknologi (sjå s. 40).

Tabell 3.15 Fysikk, geofysikk og geologi

Fagområde	Grad	Institusjon	Studieplassar	Kandidatar
Fysikk	Å	HiA	15	
Fysikk	B	UiB	20	4
Geofysikk	B	UiB	25	14
Geologi	B	UiB	30	137
Fysikk	M	UiB		109
Geofysikk	M	UiB		89
Geovitenskap	M	UiB		113
Geologi	M	UiB		358

Geologiske fag

Høgare utdanningstilbod i geologiske fag finst no berre ved UiB etter at HSF la ned høgskuleutdanninga i ressursgeologi i 2004. Ved UiB kan ein ta ein generell bachelorgard i geologi, der det sidan 2003 er uteksaminert tre kandidatar, eller mastergrad i geovitskap som er oppdelt i spesialiseringane: geodynamikk, kvartær og paleoklima, marin, miljø og petroleum. Marin- og petroleumsvarianten har særleg relevans for olje- og gassindustrien utaskjers. Miljøgeovitskap er mellom anna orientert mot forureining av sediment og anna grunn. Det er sidan 2001 uteksaminert 113 hovudfags/master-kandidatar. Dei aller fleste som hovudfag i generell geologi.

Biologi, kjemi og havbruk

Basisutdanning i biologi og kjemi finst ved UiB og HiA; ved HiA berre som bachelorgard, medan UiB tilbyr både master- og bachelorgardsutdanning. Ved UiB finst òg bachelor- og mastergradsutdanning i molekylærbiologi som tilsvrar det som tidlegare blei kalla biokjemi. I både biologi og kjemi er det råd å ta spesialiserte masterstudiar. I biologi finst spesialiseringane: anvendt fysiologi; biodiversitet; evolusjon og økologi; celle- og utviklingsbiologi; og mikrobiologi. Innan kjemi kan ein velje mellom biomolekylær kjemi; fysikalsk kjemi; kjemometri; molekylær modellering; organisk kjemi; uorganisk kjemi; og standard kjemi. I tillegg finst M.Phil. utdanning i zoologi og botanikk.

Ved HiÅ og HiB finst utdanning til bioingeniør, og ved HiB og UiS utdanning til kjemiingeniør. UiS har òg bachelor- og masterstudium i biologisk kjemi.

Det finst fleire utdanninger som er retta inn mot fiskeri- og havbruksnæringa. UiB tilbyr bachelor- og mastergradsutdanning i havbruksbiologi og mastergradsutdanning i marinbiologi og i fiskeribiologi og forvaltning. Ved UiB finst òg eit profesjonsstudium i fiskehelse. Dette er eit masterstudium som gjev autorisasjon som fiskehelsebiolog. Masterprogrammet i ernæring omfattar to retningar med relevans for havbruk: ernæring hos akvatiske organismar i oppdrett, og kvalitet og foredling av sjømat. HiB tilbyr bachelorutdanning i havbruksteknologi eit studium som kombinerer biologisk, teknisk kunnskap og kunnskap om vass- og havmiljø med meir. Dette er særleg retta mot drift av havbruksanlegg. Ved HSF finst eit beslektet bachelorstudium i akvakultur. Dette er rett nok truga av nedlegging og har få studentar.¹³ Ved HiÅ finst bachelorutdanning i marin biologi og foredling som kombinerer havbruksteknologi, marinbiologi og næringsmiddelteknologi. Bachelorgraden tyder ei spesialisering innanfor ein av dei tre retningane.

¹³ Akvakultur er no nedlagt som studium basert på ordinær loyving, men blir vidareført med ekstern finansiering.

Tabell 3.16 Biologiske og kjemiske fag

Fagområde	Grad	Institusjon	Studieplassar	Kandidatar
Biologi	B	UiB HiA	110	245
Kjemi	B	UiB HiA	60	313
Molekylærbiologi	B	UiB	55	243
Biologisk kjemi	B	UiS		
Bioing.	B	HiÅ HiB	58	212
Kjemiing.	B	HiB UiS	55	79
Havbruksteknologi	B	HiB	20	41
Havbruksbiologi	B	UiB	20	1
Marin biologi og foredling *)	B	HiÅ	40	37
Akvakultur	B	HSF	15	29
Kjemi	M	UiB		217
Biologi	M	UiB		814
Molkeylærbiologi	M	UiB		245
Biologisk kjemi	M	UiS		
Marinbiologi	M	UiB		65
Fiskeribiologi og forvalting	M	UiB		26
Havbruksbiologi	M	UiB		91
Fiskehelse	M	UiB		52

*) Spesialisering innan havbruksteknologi, marinbiologi eller næringsmiddelteknologi

Elektro-, elkraft-, elektronikk- og automatiseringsteknikk

Innan elektrofaget er det ein tendens til at den tidlegare todelinga i svakstraums- og sterkstraumslinjer blir avløyst av spesialiserte bachelorstudiar. HiÅ og HSF tilbyr spesialisert utdanning i automatiserings- og robotteknologi. Den siste i samarbeid med HiB. Ved HiB er elektrofaget delt mellom elektronikk, automatisering og elkraftteknikk. Ved HiA er elektrofaget delt mellom energi og elkraftteknikk og elektronikk og mobiltelefoni. Energi- og elkraftteknikkstudiet er orientert mot nye energiformer i tillegg til tradisjonell elkraft. Ved UiS er elektroutdanninga eit elektronikkstudium til bachelorgraden, der ein kan velje mellom spesialiseringane medisinsk teknikk og digital styring og kommunikasjon. Studiet i medisinsk teknikk er det einaste i sitt slag i landet. Både ved HiA og UiS er det råd å vidareføre utdanninga som masterprogram innan informasjonsteknologiske fag, eller for energi og elkraft sitt vedkomande, som

mastergrad i industri- og økonomi. Ved HiA er det råd å ta doktorgradsutdanning i mobiltelefoni, og også UiS kan tilby dr.-grad i elektrofag.

Tabell 3.17 Elektrofag

Fagområde	Grad	Institusjon	Studieplassar	Kandidatar
Automatisering	B	HiÅ HSF HiB	80	70
Elektronikk	B	HiB UiS HiA	85	
Elektro og elkraft	B	HiB HiA	65	669
Energi og økonomi	B	HiA	30	15

Byggfag og arkitektur

Utdanning til bachelorgrad som byggingeniør finst ved HiÅ, HiB, UiS og HiA. Ved HiÅ, HiB, UiS og HiA omfattar utdanninga spesialiseringensretning i teknisk samfunnsplanlegging. Ved HiB finst òg ei spesialisering i eigedomsfag og landmåling som er einaste linje i landet i sitt slag. Ved HiA er det mogleg å spesialisere seg innan energidesign av bygg. Bachelorgraden i byggfag ved UiS opnar for fleire masterstudium ved same universitet. I perioden 2001 til 2005 er det utdanna 517 byggingeniørar i området, medan årskapasiteten i 2005 er 175.

- Ved UiS kan ein ta bachelor- og masterstudium i byutvikling og urban design.
- Einaste arkitektutdanning på Vestlandet og i Agderfylka er ved Bergen arkitektskole som i tida etter 2001 har uteksaminert 57 kandidatar.

Maskiningeniør og mekanisk utdanning

Maskiningeniørutdanning med bachelorgrad finst ved HiÅ, HiB, UiS og HiA, medan det HSH har omdanna maskiningeniørstudiet til prosess- og energiingeniør (sjå s. 40). Studiet er likvel utforma innanfor rammeplanen for maskiningeniør. I perioden 2001 til 2005 er det utdanna 593 kandidatar, eit mindre tal av desse som toårig ingeniørutdanning. Utdanninga ved HiÅ er ei spesialisering innanfor marinteknisk produktutvikling og design. Utdanninga ved HiA omfattar spesialiseringane mekatronikk, som kombinerer elektronikk og mekanikk i automatiserte maskiner og apparat, og flydesign. Det siste, som inntil 2003 omfatta hurtigbåtdesign, har utdanna 26 kandidatar i perioden 2001 til 2005.

Marinteknikk og nautikk

Det finst marinteknisk utdanning ved HiÅ, HiB og SKSK. Utdanninga ved HiÅ er den ovanfornemnde spesialiseringa i marinteknisk produktutvikling og design. Utdanninga ved HiB omfattar konstruksjon, drift og vedlikehald av skip, offshoreinstallasjonar og andre former for havinstallasjonar, havbruksanlegg m.m. Detter små utdanningar med til saman 13 uteksaminerte inntil 2005. Ved SKSK finst skipsteknisk utdanning som del av studieprogram for elektro og maskin. Utdanninga kombinerer leiarutdanning med teknisk utdanning og kvalifiserer for yrke som høgaste skipsoffiser.

Bachelorutdanning i nautikk finst ved HiÅ og HSH. Dette er ei spesialisert utdanning til å bli skipsoffiser; styrmann, overstyrmann eller skipsførar. Årskapasiteten er 70 studieplassar. I perioden 2001 til 2005 er det utdanna 177 kandidatar.

Olje, gass og annan prosessindustri

Treårige utdanninger med bachelorgrad som har relevans for yrkesval innan olje-, gass- og annan prosessindustri finst ved HIM, HSH og UiS. HIM tilbyr bachelorgrad i petroleumslogistikk. Dette er eit økonomi/logistikkstudium som er retta mot distribusjon og kjøp/sal av olje og gass. Studiet kan vidareførast som masterstudium i logistikk ved HIM, eller som master i europeisk logistikk som er eit samarbeid mellom HIM, University of Westminster og høgskolen i Arnheim i Nederland.

Ved HSH finst utdanning som prosess- og energiingeniør. Dette er eit maskiningeniørstudium som tilbyr spesialisering i maritim teknologiområde som undervassteknologi, konstruksjonsteknikk, prosessteknikk og distribusjon/bruk av naturgass. UiS tilbyr bachelorstudium i petroleumsteknologi, som er ei breiare teknisk utdanning retta mot olje- og gassverksemda på sokkelen. Denne kan vidareførast som mastergrad i petroleumsteknologi.

Masterstudium retta mot yrkesval innan olje- og gass- og annan prosessindustri finst ved UiB og UiS. UiS tilbyr master i petroleumsteknologi og offshoreteknologi. Her kan ein velje mellom spesialiseringar innanfor offshoreteknologi: «sikkerheit», «teknisk miljøvern», «industriell teknologi og driftsleiing» og «offshoresystem». Master i petroleumsteknologi er eit toåring påbygging på bachelorstudiet i det same og kvalifiserer for eit breitt utval teknisk arbeid på høgare nivå i olje og gassindustri. Master i offshoreteknologi er delt i fem spesialisingsretningar. To av dei er innanfor miljø og tryggleik som master i teknisk miljøvern og i offshoretryggleik. Dei tre andre er master i offshore konstruksjonsteknikk, maskinteknikk og materialteknologi.

Ved UiB kan ein ta bachelor- og mastergrad i petroleumsteknologi med studieretningane geologi, reservoarfysikk, reservoarkjemi og reservoarmekanikk, og bachelor- og mastergrad i prosessteknologi med studieretningane fleirfasesystem, instrumentering, kjemometri, separasjon og tryggleiksteknologi. Dette er nye studiar med til nå få uteksaminerte.

Tabell 3.18 Prosessfag

Fagområde	Grad	Institusjon	Studieplassar	Kandidatar
Petroleumslogistikk	B	HIM	30	19
Prosess- og energiingeniør	B	HSH	20	20?
Petroleumsteknologi	B	UiS	65	230
Offshoreteknologi maskin	M	UiS	22	64
Offshoreteknologi konstruksjon	M	UiS		48
Offshoreteknologi tryggleik	M	UiS		79
Petroleumsteknologi	M	UiS	10	107
Petroleumsteknologi	B M	UiB	20	3
Prosessteknologi	B M	UiB	20	9

HMS og tryggleik

Masterstudium i tryggleiksteknikk er altså å finne som spesialiseringar innan master i offshoreteknologi ved UiS og master i prosessteknologi ved UiB. I tillegg kan ein også ta mastergrad i samfunnstryggleik ved UiS som den teknisk-naturvitenskaplege varianten av samfunnssikkerheit. Einaste utdanning på bachelornivå er å finne ved HSH der ein kan ta utdanning som branningeniør eller HMS-ingeniør. UiS har også eit teknisk årsstudium i sikkerheitsadministrasjon.

Tabell 3.20 HMS- og tryggleksfag

Fagområde	Grad	Institusjon	Studieplassar	Kandidatar
Sikkerheitsadministrasjon	Å	UiS		
HMS/branningeniør	B	HSH	70	193
Offshoreteknologi tryggleik	M	UiS		33
Offshoreteknologi teknisk miljøvern	M	UiS		46
Prosessteknologi tryggleik	M	UiB		4
Samfunnstryggleik	M	UiS		26

Landbruksutdanning

Einaste landbruksutdanning finst ved Høgskolen landbruk og bygdenæringer. Den tilbyr årsstudiar i Handlingskompetanse (i samarbeid med Diakonhjemmet Høgskole Rogaland, Landbruksøkonomi og endring (i samarbeid med Høgskolen i Telemark og Moderne husdyrproduksjon. I tillegg finst ein del kortare studiar, mellom anna ei halvtårseining i matkultur i samarbeid med UiB.

Oppsummering

Bachelorisering tyder konvergens

Utdanningsreforma har ført til at dei ulike institusjonane som tilbyr høgare utdanning, er blitt meir like. Treårig utdanning til bachelorgrad er no den mest utbreidde utdanninga i høgskulesystemet. Tidlegare toårig utdanning som det tidlegare fanst ein heil del av i dei statlege høgskulane, er for det meste gått over til å bli treårige med bachelorgrad som mål, eller dei har blitt heilt nedlagde. Rett nok finst framleis årsstudiar og kortare studiar, men dei inngår tydlegare i treårige og fireårige utdanningslaup som del av bachelorgrad, eller som påbygging på treårig utdanning for å bli spesialisert i bestemte retningar, slik vi kan finne det i lærarutdanning og sjukepleieutdanning.

Treårig høgare utdanning er òg blitt meir spesialisert. Det finst rett nok ein del frie bachelorgradar, men dei utgjer eit mindretal. Typisk er bachelorgraden knytt til eit bestemt fagområde. Dette kjem seg av at bachelorgrad no blir den vanlegaste gradsbeitekninga på tre- og fireårig profesjonsutdanning og andre former for spesialisert utdanning. I tillegg har bachelorgraden ved UiB avløyst tidlegare meir allmenne cand.mag. gradar. No er ein bachelor i sosiologi, medan ein tidlegare var samfunnsvitskapleg cand. mag. med sosiologi i fagkretsen. Denne endringa er meir synleg for treårig utdanning enn for kandidatgradar på høgare nivå sidan hovudfaget der i større grad definerte kandidatinnhaldet.

Der skjer òg ein konvergens mellom lengre utdanningslaup, der mastergrad avløyser fleire tidlegare gradsbeitekningar: Kandidat med hovudfag, sivilingeniør, siviløkonom og andre sivile, samtidig som høve til utdanning på masternivå (og vidare PhD-utdanning) blir innført for stadig fleire profesjonsstudiar og andre spesialiserte yrkesutdanninger. Òg på masternivå skjer det ei aukande spesialisering, der tradisjonelle fag blir avløyste eller supplerte med meir spesialiserte og skreddarsydde masterstudium. Denne utviklinga er kome lengst for naturvitenskapleg utdanning ved UiB.

Masterstudium er likevel framleis stort sett å finne ved UiB, eller som samarbeid med UiB. Ved dei andre er det forholdsvis få; det gjeld òg ved UiS. Rett nok er det stor del av dei uteksaminerte ved NHH som har mastergrad, men dette dreier seg om ulike spesialiseringar innanfor eitt og same siviløkonomistudium. Berre UiB har mastergradar innanfor eit stort spekter av fagområde. Utanom dei to universiteta finn vi flest mastergradar ved HiA. HVO og HIM har eit par masterstudiar kvar.

Fagsamansetting

Utdanning for helse- og sosialsektoren dominerer kandidatproduksjonen frå høgare utdanningsinstitusjonar på Vest- og Sørlandet. 31 % av kandidatane som er uteksaminerte mellom 2001 og 2005, eller mest 11 000 kandidatar, er innanfor helse- og sosialfag (s. 15). Om lag halvparten av desse att, ca. 5500 kandidatar, er sjukepleiarar. Nest største gruppa er lærarutdanning med 18 % av kandidatproduksjonen, medan

økonomisk-administrativ utdanning kjem på tredje plass med 15 %.¹⁴ Om lag halvparten av dei utdanna er altså innanfor fagområde som i hovudsak rekrutterer til offentleg sektor. Om vi oppfattar næringsliv som det same som private industribedrifter og tenesteytande bedrifter, kan det såleis verka som om utdanningssystemet ikkje er særleg tilpassa rekrutterings til næringslivet, sidan òg mange andre fagområde rekrutterer hovudsakleg til yrke i det offentlege.

¹⁴ Her kjem kandidatar frå BI i tillegg.

Tabell 4.1 Kandidatproduksjon i ulike fagområde – samla oversyn

Fagområde	Kandidatar 2001–2005	Prosent
Helse- og sosialutdanning	10686	31,0
Lærarutdanning	6129	17,8
Økonomisk-administrative	5173	15,0
Biologi, kjemi og havbruk	2710	7,9
IKT	2048	5,9
Fysikk og Geofysikk	824	2,4
Mediefag	799	2,3
Kunst/musikk/drama	776	2,2
Elektrofag	754	2,2
Statsvitenskap/politikk	641	1,9
Maskin mekanisk	619	1,8
Bygg og arkitektur	574	1,7
Olje & gass. Prosessind	559	1,6
Historie og kulturhistorie	433	1,3
Språkfag	430	1,2
HMS/tryggleik	302	0,9
Sosiologi/antropologi	296	0,9
Filosofi/religion/idéfag	240	0,7
Marin/skip/nautikk	190	0,6
Geografi, miljø	118	0,3
Litteraturfag	98	0,3
Matematikk	98	0,3
Sum	34497	100

*) Cand. mag. og kandidatar frå BI og NIH kjem i tillegg

Men inntrykket av at desse faggruppene dominerer, kjem seg i nokon grad av at dette er relativt einskaplege fagområde som er lette å gruppere saman. Dersom vi grupperer kandidatproduksjonen i større fagområde; alle teknisk-naturfaglege for seg, alle samfunnsfag for seg osv, framkjem eit noko anna bilet. Helse- og sosialutdanning er framleis størst, men tekniske og naturvitenskaplege fag er ei mest like stor gruppe, med om lag 25 % av kandidatproduksjonen.

Tabell 4.2 Kandidatproduksjon grupper i hovudområde *)

Fagområde	Kandidatar 2001–2005	Prosent
Helse- og sosialutdanning	10686	31,0
Naturvit. og teknikk	8678	25,2
Lærarutdanning	6129	17,8
Økonomisk-administrative	5173	15,0
Hist fil.	1977	5,7
Andre samfunnssfag	1055	3,1
Mediefag	799	2,3
Sum	34497	100,0

*) All IKT- utdanning er plassert som naturvitenskapleg og teknisk, sjølv om ein del av den hører inn under samfunnssfag. Historie og kulturhistorie er plassert som historisk –filosofisk faggruppe. Andre samfunnssfag er samfunnssfag minus øk.adm.-faga, dvs. statsvitenskaplege fag, sosiologi og antropologi.

Av tabell 4.1 ser vi at det er kjemi, biologi og havbruksfaga og IKT-faga som trekkjer opp gruppa tekniske og naturvitenskaplege fag. Dei utgjer over halvparten av kandidatproduksjonen i dette hovudområdet. Innan IKT-gruppa er det treårige dataingeniørutdanning som dominerer med om lag halvparten av kandidatproduksjonen. Men IKT-utdanning er ei relativt breitt samansett gruppe både med omsyn til nivå, profil på dei enkelte studiar og geografisk spreiing (s. 34).

Innan gruppa biologi, kjemi og havbruk er master/hovudsaksutdanning i biologi ved UiB den klart største gruppa. Men det er relativt mange utdanna på treårsnivå innan kjemi- og biologi inklusive bioingeniør og kjemiingeniør.

Tar vi for oss utdanninger som er spesialiserte i retning av yrkesval i det som blir oppfatta som strategiske næringar på Vest- og Sørlandet, næringar som havbruk, fiske, petroleumsindustri og annen energiproduksjon, kan det vere større grunn til uro. Ikkje ein gong utdanning for petroleumssektoren kan seiast å ha særleg omfang med vel 550 uteksaminate etter 2001, ein tidel av sjukepleiarproduksjonen i same periode. Petroleumsutdanninga er dessutan i høg grad eit Stavangerfenomen, sjølv om UiB no har fleire spesialiserte masterprogram retta mot petroleumsindustrien. Dei er såpass nye at det noko tidleg enno å vurdere kva dei vil ha å seie. Utdanninga til elkraftsektoren er noko større, men dette skuldast at ein stor del treårige elektroingeniørar som har eit relativt stort spekter av yrkesval. Havbruk og tilstøytande område har utdanna i underkant av 350 kandidatar, og vi inkluderer då marinbiologi. Dei fleste av desse kjem frå UiB.

Det ser ut til å vere ein tendens til sentralisering av utdanninga innan tekniske og naturvitenskaplege fag. Det veks fram spesialiserte utdanningsretningar i første rekkje ved UiB, medan dei blir reduserte ved dei statlege høgskulane. Særleg gjeld dette dei meir grunnleggande naturfagutdanningane. Ved HSF er det knapt naturvitenskapleg utdanning att, og her står òg dei spesialiserte tekniske utdanningane innan automasjon og akvakultur i fare for å bli nedlagde.

Institusjonsprofilar og moglege samarbeidsmønster

Det finst fleire spesialiserte institusjonar som tilbyr høgare utdanning innanfor undersøkingsområdet. Nokre har berre ei utdanning; andre har eit fåtal. Dei fleste er spesialiserte profesjonshøgskular og er presenterte i kapittel 2.

Ser vi på det samla biletet, er inntrykket at utdanningane er forholdsvis spesialiserte, for ikkje å skrive sentraliserte. Den mest utbreidde utanninga blir tilbydd av ni institusjonar. Det dreier seg om sjukepleie. Sju institusjonar har tre utdanningar felles, nemleg bachelorgrad i øk. adm. og allmennlærar- og førskulelærarutdanning. Åtte institusjonar tilbyr dei same fem utdanningane: Bachelorgradane i vernepleie, informasjonsvitenskap, maskiningeniør, sosionom, historie/kulturhistorie og kristendom/religion og årsstudium i idrett/kroppsøving.

Sju institusjonar tilbyr dei same fire utdanningsretningane, ni tilbyr dei same tre, medan 21 tilbyd dei same to. 107 utdanningar/studieretningar finst berre ved éin institusjon. Dei aller fleste er ved UiB som har 67 av desse, og 51 av desse att er mastergradar (inklusiv cand.med. og cand. psychol.).

Denne oppteljinga tek ikkje omsyn til slektskap mellom utdanningstilboda, men byggjer på den beteikning og grad som er nytta i samordna opptak. Det er såleis noko meir fellesskap mellom institusjonane enn dette tyder på. Likevel forsterkar den inntrykket av særstillinga til UiB ikkje minst som produsent av mastergradar. I dei aller fleste fag som ikkje er ingenior- eller økonomutdanning, er det berre UiB som tilbyr masterutdanning. Blant utdanningar som blir gjeve av UiB, finn vi i tillegg dei fleste grunnleggande naturfaga på bachelornivå.

UiS er ikkje uventa spesialisert innan petroleums- og utaskjersteknologi og er den einaste som tilbyr teknisk utdanning på masternivå innan dette området. Men her finst altså ei kopling til petroleums- og prosesstekniske studiar ved UiB. Dei siste har likevel ei noko klarare fundamentering i grunnleggande naturfag som geologi og geofysikk. Det finst òg prosessingeniørutdanning ved HSH, men her berre på bachelornivå. I den grad vi kan finne ei petroleumsorientert utdanningsklyngje, så er denne samansett av UiB, UiS og HSH.

UiS er av dei få som tilbyr administrativ utdanning retta mot reiseliv, men slike utdanningar finst òg ved HSF (turisme og reiseliv) og ved BI. Dei kan såleis utgjere ein kime til ei reiselivsorientert utdanningsklyngje. Relevant her er òg årsstudiet i friluftsliv og naturguiding ved HiA.

HVO er einaste institusjon med spesialiserte planleggingsfag på bachelornivå med kommunal planlegging og samfunnsplanlegging, den siste òg med mastergrad. Planleggingsutdanning inngår likevel som del av byggingeniørutdanning ved UiS, HiB og HiA og ved geografi ved UiB. I tillegg har HSF eit bachelorstudium i landskapsplanlegging. HVO er òg den einaste som tilbyr bachelorgrad i animasjon og som informasjonsarbeidar samt mastergrad i nynorsk skriftkultur. Elles er HVO blant skulane med mediefagleg utdanning. Her er det likevel med unntak av animasjon mykje overlapping med dei andre institusjonane som har slike fag. Vi kan såleis tale om ei mediefagleg utdanningsklyngje som består av HVO, UiB, UiS, HiA og MHG, der institusjonane dels har like tilbod, dels tilbyr eigne spesialitetar innanfor ei felles ramme.

HSH er einaste som har utdanning som tryggleksingeniør (brann/HMS) på bachelornivå. Dette har likevel slektskap til masterutdanningar ved UiS og UiB. Begge dei siste er særleg retta mot utaskjerssektoren.

HiÅ er åleine om tilbod innan GIS. I tillegg er kombinasjonen mellom havbruk/sjømat og ernæringssteknologi unik for denne skulen. Men dette studiet kan også inngå i ein større havbruksamanheng, der vi finn utdanninger ved HSF (akvakultur), HiB (havbruksteknologi) og fleire marinbiologiske og fiskeritekniske fagområde ved UiB.

HiÅ er saman med HSH dei skulane som har den klaraste skipstekniske profilen. Rett nok vil det på dette området vere eit slektskap til dei konstruksjons- og maskintekniske utdanningane innan offshore ved UiS. Ved HiB finst også ei marinteknisk orientert maskiningeniør linje. HiÅ, HiB, HSH og UiS, kan såleis vere ein kime til eit marinteknisk klyngje, sjølv om HiÅ nok har sterkare koplingar til det skipstekniske miljøet ved NTNU og Marintek enn til institusjonar sørover.

HIM er den institusjonen som er klaraste spesialisert innanfor logistikk. Det finst rett nok logistikkutdanning ved HiB og BI, men HIM er de einaste med masterutdanning, og har i tillegg spesialiseringane petroleumslogistikk og internasjonal logistikk.

HiA har fleire originale innretningar på tekniske studiar som elektronikk retta mot mobiltelefoni, flydesign og energiteknikk i bygg. HiA er også åleine om omsetjarutdanning, matematikkdidaktikk og velferdsadministrasjon.

HiB er åleine om å tilby fysioterapiutdanning, radiografi og jordskifteutdanning, og er ein av to som tilbyr ergoterapiutdanning. HiB er saman med HiA einaste som tilbyr elektroutdanning retta mot elkraft.

HiB er også blant dei institusjonane som er spesialiserte innan robotteknologi/automasjon. Her finst også fagmiljø ved UiS, HiA og HSF. Den siste har eit samarbeid med HiB.

Elles finst det fleire unike tilbod som er spesialiseringar innanfor større fagområde. T.d. er UiS einaste i landet med tilbod innan medisinsk teknikk. HiB er åleine om å ha utdanning i landmåling og eigedomsfag.

Vedlegg: Høgare utdanning på Vestlandet og i Agder – nøkkeltal

Institusjon	Retninger	Plassar 2005	Reg. stud	Opptak	Søkjarar	Uteks.
Høgskolen i Molde	10	435	1609	956	4341	1484
Høgskolen i Ålesund	18	573	1600	1070	3593	1295
Høgskulen i Volda	29	1035	3073	2256	9827	2017
Høgskolen i Sogn og Fjordane	26	711	2707	1796	7015	2179
Universitetet i Bergen	81	3651	15838	8501	51429	6897
Høgskolen i Bergen	38	1702	5454	2276	27121	5705
Høgskolen Stord/Haugesund	20	735	2255	952	5301	2178
Universitetet i Stavanger	44	2016	7066	3278	29922	6894
Høgskolen i Agder	75	2532	7683	4435	25331	6558
Sum	341	13390	47285	25520	163880	35207
Norges Handelshøyskole	1	410	2537	822	4453	2864
Norsk Lærerakademi	8	435	1586	1748	4201	470
Mediehøgskolen Gimlekollen	6	120	192	154	1592	158
Misjonshøgskolen	6	236	374	294	431	181
Ansgar Teologiske Høgskole	6	175	169	250	403	36
Betanien diakonale høgskole	1	70	277	125	1135	306
Diakonisshjemmets høgskole	1	65	403	136	1468	331
Rogaland Høgskole	2	90	431	123	551	499
Bergen kunsthøgskole		116	301	116	800	441
Bergen arkitektsskole		29	127	29	150	57
Sjøkrigsskolen		0				
Høgskulen landbruk og bygdenæringer	31	110	52	110	111	
sum	62	1856	6449	3907	15295	5343
Sum alle	403	15246	53734	29427	179175	40550

Retningar: Kategoriar i samordna opptak 2005

Plassar: Budsjetterte plassar i samordna opptak 2005

Registrerte studentar: i følgje DBH haust 2005

Oppnak: i følgje DBH 2005

Søkjarar: i følgje DBH haust 2005

Utekksaminerte: samla uteksaminate 2001–2005 i følgje DBH

NOTATSERIE ROKKANSENTERET (ISSN 1503-0946)

Notatene kan bestilles fra Rokkansenteret, tlf. 55 58 97 10,
e-post: post@rokkansenteret.uib.no, <http://www.rokkansenteret.uib.no>

2006

- 1-2006** *Martin Byrkjeland*: Høgare utdanningstilbod på Vestlandet og i Agder-fylka. Mai 2006

2005

- 1-2005** *Ivar A. Lima og Agnete Vabø*: «Instituttstruktur og fakultetsorganisering ved HF-fakultetet, Universitetet i Bergen». Mai 2005.
- 2-2005** *Dag Arne Christensen og Jacob Aars*: «Modalen: Fra off-road til on-line på 25 år». Mai 2005.
- 3-2005** *Nanna Kildal*: «Fra arbeidsbegrepets historie: Aristoteles til Marx». Mai 2005.
- 4-2005** *Per Lægreid, Paul G. Roness og Kristin Rubecksen*: «Autonomy and Control in the Norwegian Civil Service: Does Agency Form Matter?». September 2005.
- 5-2005** *Per Lægreid, Paul G. Roness og Kristin Rubecksen*: «Regulating Regulatory Organizations: Controlling Norwegian Civil Service Organizations». September 2005.
- 6-2005** *Tom Christensen og Per Lægreid*: «Regulatory Reforms and Agencification». November 2005.
- 7-2005** *Anne Lise Fimreite og Per Lægreid*: «Specialization and Coordination: Implications for Integration and Autonomy in a Multi-Level System». November 2005.
- 8-2005** *Per Lægreid, Paul G. Roness og Kristin Rubecksen*: «Performance Management in Practice – The Norwegian Way». November 2005.
- 9-2005** *Stig Helleren*: «Omstilling i Arbeidstilsynet: Tilsynsmeldingens konsekvenser for strategi og organisering». November 2005.
- 10-2005** *Per Lægreid, Runolfur Smari Steinhorsson og Baldur Thorhallsson*: «Europeanization of Nordic Central Governments: Towards a Transnational Regulatory State?». November 2005.
- 11-2005** *Kari Ludvigsen og Kari Tove Elvbakken*: «The Public, the Mother and the Child. Public Health Initiatives Promoting the Strong and Happy Child – Focusing on Food and Mental Health». December 2005.
- 12-2005** *Rune Ervik og Ingrid Helgøy*: «Overcoming the Barriers and Seizing the Opportunities for Active Ageing in Norway: Report from an Expert Panel Meeting». December 2005.
- 13-2005** *Ingrid Helgøy*: «Active Ageing and the Norwegian Health Care System». December 2005.
- 14-2005** *Martin Byrkjeland og Knut Grove*: «Perspektiv på bygdeutvikling». Desember 2005.
- 15-2005** *Haldor Byrkjeflot*: «The Rise of a Healthcare State? Recent Healthcare Reforms in Norway». December 2005.
- 16-2005** *Monica Skjøld Johansen*: «Penga eller livet? Lederutfordringer i det reformerte norske sykehusvesenet». Desember 2005.
- 17-2005** *Kirsti Malterud, Kari Tove Elvbakken og Per Solvang*: «Helsekameratene. Gruppe for flerfaglig forskning om helse og sykdom i kulturelt perspektiv, Universitetet i Bergen 1999–2005». Desember 2005.

2004

- 1-2004** *Dag Olaf Torjesen og Hallgeir Gammelsæter*: «Management Between Autonomy and Transparency in the Enterprise Hospital». January 2004.
- 2-2004** *Haldor Byrkjeflot og Simon Neby*: «The Decentralized Path Challenged? Nordic Health Care Reforms in Comparison». January 2004.
- 3-2004** *Tom Christensen og Per Lægreid*: «The Fragmented State – the Challenges of Combining Efficiency, Institutional Norms and Democracy». March 2004.
- 4-2004** *Morten Dyrdal*: «Europeisering av tilsynsmyndigheter i Norge og Sverige». Mars 2004.
- 5-2004** *Karsten Vrangbæk og Katarina Østergren*: «The Introduction of Choice in Scandinavian Hospital Systems. Arguments and Policy Processes in the Danish and the Norwegian Case». March 2004.
- 6-2004** *Marit Tjomsland*: «Internationalization at Norwegian Universities and Colleges after the Quality Reform». April 2004. The Globalization Program.

- 7-2004** *Hans-Tore Hansen, Anne Hege Trædal-Henden, Olaf Jürgens and Wolfgang Voges:* «Poverty among Households with Children: A Comparative Study of Lone Parents and Couples with Children in Norway and Germany». April 2004.
- 8-2004** *Renate Storetvedt Lien og Arnhild Taksdal:* «Integrering av kjønnsperspektiv i offentlig tjenesteproduksjon og planlegging». Mai 2004.
- 9-2004** *Ingrid Helgøy og Synnøve Serigstad:* «Tilsyn som styringsform i forholdet mellom staten og kommunene». Mai 2004.
- 10-2004** *Morten Dyrdal:* «Legemiddeltilsyn og europeisering». September 2004.
- 11-2004** *Bodil Ravneberg:* «Økonomiske insentiv i arbeidslinjen, virker det? Evaluering av forsøksordning med kvalifiseringsstønad i 'Prosjektet Amalie' i Åsane». Oktober 2004.
- 12-2004** *Per Lægreid og Synnøve Serigstad:* «Organizing for Homeland Security: The Case of Norway». November 2004.
- 13-2004** *Ivar Bleiklie:* «Institutional Conditions and the Responsibilities of Universities». November 2004.
- 14-2004** *Lise Hellebø:* «Food Safety at Stake – the Establishment of Food Agencies». November 2004.
- 15-2004** *Katarina Østergren:* «The Institutional Construction of Consumerism. A Study of Implementing Quality Indicators». November 2004.
- 16-2004** *Ingrid Helgøy and Anne Homme:* «Governance in Primary and Lower Secondary Education. Comparing Norway, Sweden and England». November 2004.
- 17-2004** *Tom Christensen, Per Lægreid og Inger Marie Stigen:* «Performance Management and Public Sector Reform: The Norwegian Hospital Reform». December 2004.
- 18-2004** *Tom Christensen og Per Lægreid:* «Regulatory Agencies – The Challenges of Balancing Agency Autonomy and Political Control». December 2004.
- 19-2004** *Dag Arne Christensen:* «Velferdsstat, rettighetslovgivning og lokalt selvstyre». Desember 2004.
- 20-2004** *Kristin Rubecksen:* «Civil Service Organizations in Norway: Organizational Features and Tasks». December 2004.
- 21-2004** *Kjell Erik Lommerud, Odd Rune Straume og Lars Sørgard:* «National Versus International Mergers in Unionised Oligopoly». December 2004. The Globalization Program.
- 22-2004** *Birte Folgerø Johannessen:* «Ledelse og evidens i det psykiske helsevernet, konsekvenser for kunnskapsforståelse og organisering». Desember 2004.
- 23-2004** *Jacob Aars og Svein Kvalvåg:* «Politiske uttrykksformer i en bykontekst». Desember 2004.
- 24-2004** *Ingrid Helgøy:* «Active Ageing in the Labour Market. Country Report – Norway». December 2004.
- 25-2004** *Torgeir Sveri:* «Strukturer og reformer. En kvalitativ analyse av reformen 'Enhetlig ledelse' sett i lys av sykehusets arbeidsorganisering». Desember 2004.
- 26-2004** *Stig Hellenen:* «Arbeidstilsynets rollekonflikt: Vekslende tilsynsstrategier mellom kontroll og veiledning». Desember 2004.
- 27-2004** *Kjell Erik Lommerud, Frode Meland og Odd Rune Straume:* «Globalisation and Union Opposition to Technological Change». December 2004.
- 28-2004** *Frode Meland:* «A Union Bashing Model of Inflation Targeting». December 2004. The Globalization Program.

2003

- 1-2003** *Tom Christensen og Per Lægreid:* «Politisk styring og privatisering: holdninger i elitene og befolkningen». Mars 2003.
- 2-2003** *Ivar Bleiklie, Per Lægreid og Marjoleine H. Wik:* «Changing Government Control in Norway: High Civil Service, Universities and Prisons». March 2003.
- 3-2003** *Badi H. Baltagi, Espen Bratberg og Tor Helge Holmås:* «A Panel Data Study of Physicians' Labor Supply: The Case of Norway». March 2003. HEB.
- 4-2003** *Kjell Erik Lommerud, Frode Meland og Lars Sørgard:* «Unionised Oligopoly, Trade Liberalisation and Location Choice». March 2003. The Globalization Program.
- 5-2003** *Lise Hellebø:* «Nordic Alcohol Policy and Globalization as a Changing Force». April 2003.
- 6-2003** *Kim Ove Hommen:* «Tilsynsroller i samferdselssektoren». April 2003.
- 7-2003** *Tom Christensen og Per Lægreid:* «Trust in Government – the Significance of Attitudes Towards Democracy, the Public Sector and Public Sector Reforms». April 2003.

- 8-2003** *Rune Ervik*: «Global Normative Standards and National Solutions for Pension Provision: The World Bank, ILO, Norway and South Africa in Comparative Perspective». April 2003. The Globalization Program.
- 9-2003** *Nanna Kildal*: «The Welfare State: Three Normative Tensions». Mai 2003.
- 10-2003** *Simon Neby*: «Politisk styring og institusjonell autonomi – tre illustrasjoner». Mai 2003.
- 11-2003** *Nina Berven*: «Cross National Comparison and National Contexts: Is what we Compare Comparable?». July 2003. The Globalization Program.
- 12-2003** *Hilde Hatleskog Zeiner*: «Kontrollhensyn og kontrollpraksis. En studie av Food and Veterinary Office (FVO)». August 2003.
- 13-2003** *Nanna Kildal*: «Perspectives on Policy Transfer». August 2003.
- 14-2003** *Erik Allardt*: «Two Lectures: Stein Rokkan and the Twentieth Century Social Science». «Den sociala rapporteringens tidstypiska förankring». September 2003.
- 15-2003** *Ilcheong Yi*: «The National Patterns of Unemployment Policies in Two Asian Countries: Malaysia and South Korea». September 2003. The Globalization Program.
- 16-2003** *Dag Arne Christensen*: «Active Ageing: Country Report Norway». November 2003.
- 17-2003** *Kim Ove Hommen*: «Tilsynspolitikk i Norge: Utflytting og autonomi». November 2003.
- 18-2003** *Dag Arne Christensen, Rune Ervik and Ingrid Helgøy*: «The Impact of Institutional Legacies on Active Ageing Policies: Norway and UK as Contrasting Cases». December 2003.
- 19-2003** *Ole Frithjof Norheim og Benedicte Carlsen*: «Legens doble rolle som advokat og portvakt i Fastlegeordningen. Evaluering av fastlegeordningen». Desember 2003. HEB
- 20-2003** *Kurt R. Brekke og Odd Rune Straume*: «Pris- og avanseregulering i legemiddelmarkedet. En prinsipiell diskusjon og en vurdering av den norske modellen». Desember 2003. HEB
- 21-2003** *Per Lægreid, Vidar W. Rolland, Paul G. Roness and John-Erik Ågotnes*: «The Structural Anatomy of the Norwegian State 1947–2003». December 2003.
- 22-2003** *Ivar Bleiklie, Haldor Byrkjeflot and Katarina Östergren*: «Taking Power from Knowledge. A Theoretical Framework for the Study of Two Public Sector Reforms». December 2003. ATM.
- 23-2003** *Per Lægreid, Ståle Opdal and Inger Marie Stigen*: «The Norwegian Hospital Reform – Balancing Political Control and Enterprise Autonomy». December 2003. ATM.
- 24-2003** *Håkon Høst*: «Kompetanse måling eller voksenutdanning i pleie- og omsorgsfagene? Underveisrapport fra en studie av pleie- og omsorgsutdanningene». Desember 2003.
- 25-2003** *Kjell Erik Lommerud, Odd Rune Straume and Lars Sørgard*: «Downstream merger with upstream market power». The Globalization Program. December 2003.
- 26-2003** *Ingrid Drexel*: «Two Lectures: The Concept of Competence – an Instrument of Social and Political Change». «Centrally Coordinated Decentralization – No Problem? Lessons from the Italian Case». December 2003.

2002

- 1-2002** *Håkon Høst*: «Læringsordning eller skolebasert utdanning i pleie- og omsorgsfagene?». April 2002.
- 2-2002** *Jan-Kåre Breivik, Hilde Haualand and Per Solvang*: «Rome – a Temporary Deaf City! Deaflympics 2001». June 2002.
- 3-2002** *Jan-Kåre Breivik, Hilde Haualand og Per Solvang*: «Roma – en midlertidig døv by! Deaflympics 2001». Juni 2002.
- 4-2002** *Christian Madsen*: «Spiller det noen rolle? – om hverdagen på nye og gamle sykehjem». Juni 2002.
- 5-2002** *Elin Aasmundrud Mathiesen*: «Fritt sykehusvalg. En teoretisk analyse av konkurransen i det norske sykehusmarkedet». Juni 2002. HEB.
- 6-2002** *Tor Helge Holmås*: «Keeping Nurses at Work: A Duration Analysis». June 2002. HEB.
- 7-2002** *Ingvild Halland Ørnsrud*: «Mål- og resultatstyring gjennom statlige budsjettreformer». Juli 2002.
- 8-2002** *Torstein Haaland*: «Tid, situasjonisme og institusjonell utakt i systemer». Juli 2002.
- 9-2002** *Kristin Strømsnes*: «Samspillet mellom frivillig organisering og demokrati: Teoretiske argument og empirisk dokumentasjon». August 2002.
- 10-2002** *Marjoleine Hooijkaas Wik*: «Mangfold eller konformitet? Likheter og forskjeller innenfor og mellom fem statlige tilknytningsformer». August 2002.
- 11-2002** *Knut Helland*: «Den opprinnelige symbiosen mellom fotball og presse». September 2002.

- 12-2002** *Nina Berven*: «National Politics and Global Ideas? Welfare, Work and Legitimacy in Norway and the United States». September 2002. The Globalization Program.
- 13-2002** *Johannes Hjellbrekke*: «Globalisering som utfordring til samfunnsvitskapane». September 2002. Globaliseringsprogrammet.
- 14-2002** *Atle Møen*: «Den globale produksjonen av symbol og kunnskap. Verdsflukt og verdsherredømme». September 2002. Globaliseringsprogrammet.
- 15-2002** *Tom Christensen and Per Lægreid*: «Complex Patterns of Interaction and Influence Among Political and Administrative Leaders». October 2002.
- 16-2002** *Ivar Bleiklie*: «Hierarchy and Specialization. On Institutional Integration of Higher Education Systems». Oktober 2002.
- 17-002** *Per Lægreid, Runolfur Smari Steinthorsson and Baldur Thorhallsson*: «Europeanization of Public Administration: Effects of the EU on the Central Administration in the Nordic States». November 2002.
- 18-2002** *Tom Christensen and Per Lægreid*: «Trust in Government — the Relative Importance of Service Satisfaction, Political Factors and Demography». November 2002.
- 19-2002** *Marit Tjomsland*: «Arbeidsinnvandringssituasjonen i Norge etter 1975». November 2002. Globaliseringsprogrammet.
- 20-2002** *Augustín José Menéndez m.fl.*: «Taxing Europe. The Case for European Taxes in Federal Perspective». December 2002. The Globalization Program.
- 21-2002** *Fredrik Andersson and Kai A. Konrad*: «Globalization and Risky Human Capital Investment». December 2002. The Globalization Program.
- 22-2002** *Fredrik Andersson and Kai A. Konrad*: «Human Capital Investment and Globalization in Extortionary States». December 2002. The Globalization Program.
- 23-2002** *Anne Lise Fimreite, Yngve Flo og Jacob Aars*: «Generalistkommune og oppgavedifferensiering. Tre innlegg». Desember 2002.
- 24-2002** *Knut Grove*: «Frå privat initiativ til kommunalt monopol. Lysverk, sporvegar og renovasjon i Bergen og Oslo 1850–1935». Desember 2002.
- 25-2002** *Knut Grove*: «Mellom 'non-intervention' og 'samfundsvillie'. Statleg og kommunal regulering av økonomisk verksemd i Norge på 1800-talet». Desember 2002.
- 26-2002** *Dag Arne Christensen*: «Hovedtyper av valgordninger. Proporsjonalitet eller politisk styring?». Desember 2002.
- 27-2002** *Jan Erik Askildsen, Badi H. Baltagi and Tor Helge Holmås*: «Will Increased Wages Reduce Shortage of Nurses? A Panel Data Analysis f Nurses' Labour Supply». December 2002. HEB.
- 28-2002** *Sturla Gjesdal, Peder R. Ringdal, Kjell Haug and John Gunnar Mæland*: «Medical Predictors of Disability Pension in Long-Term Sickness Absence. December 2002. HEB.
- 29-2002** *Dag Arne Christensen og Jacob Aars*: «Teknologi og demokrati. Med norske kommuner på nett!». Desember 2002.
- 30-2002** *Jacob Aars*: «Byfolk og politikk. Gjennomgang av data fra en befolkningsundersøkelse i Bergen, Oslo og Tromsø». Desember 2002.
- 31-2002** *Hjørdis Grove*: «Kommunaliseringss prosessen i Århus 1850–1940». Desember 2002.